# Historie i randsona

## Historieforskinga ved Rokkansenteret, LOS og SEFOS

Knut Grove

Rokkansenteret
STEIN ROKKAN SENTER FOR FLERFAGLIGE SAMFUNNSSTUDIER

Rapport 3 2007

© Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier (Rokkansenteret) 2007

Design og trykk: Master Trykk og Kopi A/S

ISBN 13: 978-82-8095-052-9

ISBN 10: 82-8095-052-4

ISSN 1503-4844

Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier (Rokkansenteret) har en tredelt publikasjonsserie. Publikasjonsserien redigeres av et redaksjonsutvalg oppnevnt av avdelingsstyret for Rokkansenteret.

Redaksjonsutvalget har ansvar for å vurdere og plassere publikasjonene som henholdsvis rapporter, notater og særtrykk.

I rapportserien trykkes avhandlinger og ferdige vitenskapelige arbeider, for eksempel sluttrapporter fra forskningsprosjekter. Manuskriptene er vurdert av minst en fagfelle.

Som notater trykkes arbeidsnotater, foredrag og seminarinnlegg. Manuskripter som trykkes som notater godkjennes av prosjektleder.

Som særtrykk utgis arbeider som allerede er publisert i vitenskapelige tidsskrift eller i bøker

# Historie i randsona

Historieforskinga ved Rokkansenteret, LOS og SEFOS

Knut Grove

Desember 2007

STEIN ROKKAN SENTER FOR FLERFAGLIGE SAMFUNNSSTUDIER

Universitetsforskning i Bergen

# Innhald

Forord ..... v

Samandrag ..... vi

Summary ..... viii

1. Historieforsking i randsona ..... 11

2. LOS, SEFOS og historieforskinga i Bergen ..... 13

   Dei nye forskingssentera og den etablerte historieforskinga i Bergen ..... 13

   Grunntrekk og utsyn. Historiefaget i Noreg og i Bergen ..... 15

3. Den arbeidslivshistoriske forskinga ..... 19

   Den arbeidslivshistoriske forskinga ved Rokkansenteret ..... 25

   Frå arbeidsprosessar til relasjonar mellom arbeidsplass og samfunn ..... 26

   Perspektiv på den arbeidslivshistoriske utviklinga ..... 31

4. Den forvaltingshistoriske forskinga ..... 33

   Forvaltingshistoria ved Rokkansenteret ..... 37

   Fristilling og politisering ..... 39

   Forvaltingshistoria i perspektiv ..... 43

5. SEFOS og LOS – historieforskinga elles ..... 45

   Historisk orientert lokal- og regionalforsking ..... 45

   Biografi, handikap og ernæring som historiske tema ..... 46

   LOS: Etterkrigshistorisk register og management-historie ..... 48

6. Rokkansenteret: kontinuitet og temautvikling ..... 51

   Lokal og regional orientert historie ..... 51

   Helse- og medisinhistorie ..... 52

Modernisering og nasjonalstat ..... 54

7. Vegen fram - og vidare ..... 59

Historieforskinga ved SEFOS, LOS og Rokkansenteret – eit oversyn ..... 62

Arbeidslivshistorie ..... 62

Forvaltingshistorie ..... 64

Historie- eller historiske orientert bidrag ..... 67

# Forord

Rapporten er resultatet av eit internt prosjekt ved Rokkansenteret. Målet var for det første å synleggjera og vurdera den historiske forskinga ved dette senteret og dei to forgjengarane SEFOS og LOS. For det andre skulle bidraget inngå som ein del av prosessen rundt eigenevalueringa av historiemiljøet ved Rokkansenteret, i tilknyting til nasjonale evalueringa av den historiefaglege forskinga. Ein førsteversjon av manuset vart såleis lagt ved eigenevalueringa som vart levert Noregs Forskingsråd våren 2007.

I denne endelege versjonen er det innarbeidd kommentarar og innspel frå historiemiljøet som har kome til etter eigenevalueringa, inkludert slike som inngår som ein del av prosedyrane for publisering i rapportserien til Rokkansenteret.

Bergen, 20. desember 2007

Knut Grove

Jan Erik Askildsen
Forskingsdirektør
Rokkansenteret

# Samandrag

Opprettinga av Rokkansenteret i 2002 førte saman to forskingsenter som hadde blitt til midt i 1980-åra. Både Norsk senter for forskning i ledelse, organisasjon og styring (LOS) og Senter for samfunnsforsking (SEFOS) hadde hatt livskraftige historikarmiljø som vart med inn i Rokkansenteret. Ved LOS hadde forvaltingshistorie vore det dominerande historiske fagfeltet, medan arbeidslivshistorie var mest framtredande ved SEFOS. I rapporten vert utviklinga innan desse to felta sterkast vektlagt. Samtidig har målet vore å få fram heilskapen i historieforskinga ved sentera, og fanga opp endringar og forskyvingar i tema og innretting. Ved Rokkansenteret utvikla det seg nye tyngdepunkt med Lokal- og regionalhistorie og Helse- og medisinhistorie som tema.

Arbeidslivshistorie og forvaltingshistorie blir sett i høve til forskingsprogram som vart til ved inngangen til 1990-åra. Dette skjer ved å sjå kva prosjekt og bidrag som vart realiserte ved sentera, og i kva grad dei var med på og utvikla forskingsfelta. I tillegg vert det sett på dei andre historiebidraga og deler av den historisk orienterte samfunnsfagsforskinga, med vekt på framvoksteren av nye tematiske felt ved Rokkansenteret. Det vert også gått inn på korleis plasseringa av sentera i randsona av Universitetet og fagmiljøa der har påverka historieforskinga. Samtidig må denne forskinga sjåast i høve til og i samanheng med historieforskinga elles i Bergen og i Noreg. Framstillinga munnar ut i nokre refleksjonar rundt den vidare innsatsen innan dei historiefaglege felta som har blitt omhandla og til samarbeidet mellom dei historiske forskingsfelta ved Rokkansenteret.

I handsaminga av arbeidslivshistorie og forvaltingshistorie vert det vist korleis desse to felta har nærast motsette tilnærmingar: arbeidslivshistoria med si orientering ”nedanfrå” og den forvaltingshistoriske ”ovanfrå” . Medan forvaltingsforskinga skjedde i framhald og i samarbeid med det eksisterande fagmiljøet ved Historisk institutt, vart arbeidslivshistoria i hovudsak utvikla utanfor instituttet. Teoretisk-metodisk var det også skille, mellom anna i vektlegginga av og i bruken av munnlege kjelder, og i bruken av samfunnsvitskapleg teori. Samtidig har det innan begge forskingsområda skjedd endringar både tematiske endringar og teoretiske reorienteringar.

Ved Rokkansenteret vart Helse- og medisinhistorie og Lokal- og regionalhistorie klarare tematiske felt for historikarane. Begge felt utvikla og styrkte seg i det nye senteret. Særleg Helse- og medisinhistorie har vist eit stort tematisk og teoretisk mangfald, og er dessutan eit felt det er stor fagleg og samfunnsmessig interesse rundt. Det siste gjeld også Lokal- og regionalhistorie og då særleg merksemda mot regionar.

Historieforskinga ved randesoneinstitusjonane i Bergen har merkt seg ut gjennom det sterke omfanget av sampublisering og samarbeidet på tvers av fag - særleg mellom historikarar og samfunnsvitarar. Samtidig har historieforskinga her mange av dei same utfordringane som fagmiljøet elles når det gjeld forholdet mellom forsking og formidling. Framstillinga viser såleis historikarane i randsoneinstitusjonane i Bergen som aktørarar i historia om historikarane i Bergen, men også i historia om historiefaget i Noreg.

# Summary

The foundation of Stein Rokkan Centre for Social Studies in 2002 brought together two research centres established in the mid-1980s. Both the Norwegian Research centre in organisation and management (LOS) and Centre for Social Research (SEFOS) had vigorous historical research communities. At LOS, History of Administration dominated the historical field, while at SEFOS Labour history were the most prominent. These two research areas are emphasised in this report. Attention is also being paid to the whole body of history research at the centres, aiming at catching changes and developments in themes and approaches before and after 2002. At the Stein Rokkan Centre new thematic areas around Local and regional studies have been developed, as well as research dealing with Health and medical history.

Administrative history and Labour history are in this report seen in relation to the development of research programs within these fields in the early 1990s. However, contributions from other historical areas and historical oriented social sciences are also included. Another point of investigation is how this research was affected by the role of the centres as institutions affiliated with the University of Bergen. The historical research at the centres are situated in, and discussed in relation to the general historiography of the scholars in Bergen and Norway. The exposition closes up with some reflections on further efforts in the fields, as well as the relationship between the different historical fields at the Rokkan Centre.

The approaches of Administrative history and Labour history are very different from each other, as Administrative history looks at history from "above" while Labour history looks at it from "below". Administrative history at LOS was developed in close contact with the former Institute of History at the University of Bergen, while Labour history mainly was conducted without any direct contact with the leading historical research community in Bergen. Instead it developed as part of the research of the AHS – The Multidisciplinary Group for the study of work and society, a network of scholars from different disciplines at the University. These two main historical fields were both theoretically and methodologically diverse. They differed with resepct to the use of oral sources and political science as theoretical tools. Thus, both research areas have gone through profound changes in themes and use of theory.

Research on Health and medical history started at SEFOS, but was developed and strengthened furthermore at the Rokkan Centre. Today the variety when it comes to themes and theories is significant. For Health and medical history as well as Local and regional history, the increased interest reflect that more attention has been paid to these topics within historical research in general, but also in society as whole.

The historical research at the affiliated research institutions in Bergen are marked by the size of co-publishing and multi-disciplinary cooperation, particularly between historians and political scientists. At the same time, historical research at the Rokkan centre meets most of the challenges as do the historical research community as a whole, for example concerning the relation between research and the disseminating of knowledge. The report shows how historians at the institutions affiliated with the university have been participants in the history of the historians in Bergen, as well as in the history of historical research in Norway

# 1. Historieforsking i randsona

Rapporten tek for seg historieforskinga ved Rokkansenteret og dei to forgjengarane Norsk senter for forskning i ledelse, organisasjon og styring (LOS) og Senter for samfunnsforsking (SEFOS).[1] Opprettinga av Rokkansenteret i 2002 førte saman to forskingssenter som hadde blitt til midt i 1980-åra. Rapporten tek sikte på å få fram sentrale tema og perspektiv i den historiske delen av forskinga ved LOS og SEFOS fram til samanslåinga og ved Rokkansenteret etter etableringa.

Dette er historieforsking i randsona. Ho har vore ein del av den eksternt finansiert forskinga som har vore organisert i eigne senter ved Universitetet, og såleis funne stad utanfor det institusjonaliserte fagmiljøet i Bergen. Ved LOS dominerte forvaltingshistorie, medan arbeidslivshistorie var det viktigaste historiske fagfeltet ved SEFOS. Forskinga innan desse to områda blir i rapporten sett i høve til forskingsprogram for forvaltingshistorie og arbeidslivshistorie som vart utvikla ved inngangen til 1990-åra. Dette skjer for det første ved å sjå kva prosjekt og bidrag som vart realiserte ved dei to sentera, for det andre ved å vurdere i kva grad dei var med på og utvikla forskingsfelta i retninga som vart skissert i forskingsprogramma.

Ved sida av forvaltingshistorie og arbeidslivshistorie var det også anna historisk eller historisk orientert forsking ved SEFOS og LOS, og nye tema vart utvikla etter opprettinga av Rokkansenteret. Eit tredje tema for rapporten blir å ta for seg dei historiske bidraga utanom arbeidslivs- og forvaltingshistoria. Kva har vore dei viktigaste og mest pregande bidraga, og i kva grad har dei vore med på å etablera nye historiske forskingstema og tilnærmingar?

Historieforskinga som blir omtala har funne stad som eksternt finansiert forsking i randsona til Universitetet i Bergen, men med forskingsmessig nærleik til Historisk institutt som det sentrale historiske miljøet ved Universitetet, men på den andre sida innanfor institusjonar og i nærleik og samarbeid med miljø med eit sterkt samfunnsvitskapleg preg. Eit fjerde tema er såleis korleis forholda ved sentera som ei fagleg randsone har påverka historieforskinga som har funne stad ved Rokkansenteret og forgjengarane. Her vert miljøa også plasserte i høve til norsk historieforsking elles og sett inn i ein historiografisk samanheng og diskutert i forhold til kvarandre, til historikarmiljøet i Bergen og til norsk historieforsking generelt.

[1] Øyvind Bjørnson, Yngve Flo, Øyvind Grøndahl, Tore Grønlie, Jan Heiret og Knut Venneslan har kommentert ulike utkast og kome med innspel. Ei særleg takk til Grønlie for grundige sluttkommentarar. Sentrale deler av arbeidet har elles funne stad under opphald ved Xristos Research Center i Hellas.

Gjennomgåande får større prosjekt og program knytta til arbeidslivshistorie og forvaltingshistorie størst merksemd, men dekker også dei fleste andre historiefaglege prosjekta ved sentera. Framstillinga munnar ut i nokre refleksjonar rundt den vidare innsatsen innan dei historiefaglege felta som har blitt omhandla og til samarbeidet mellom dei historiske forskingsfelta ved Rokkansenteret.

# 2. LOS, SEFOS og historieforskinga i Bergen

## Dei nye forskingssentera og den etablerte historieforskinga i Bergen

SEFOS og LOS kom til i siste del av åttiåra då eigne forskingssenter med nærleik til universiteta tok til å bli etablerte innanfor samfunnsvitskap og humaniora. Gjennom senter- og programorganisering kunne forskingsinnsats konsentrerast og spesialiserast. LOS var oppretta som eit senter for samfunnsvitskapleg orientert leiings- og organisasjonsforskinga. Samtidig vart LOS til som eit uttrykk for at den første maktutgreiinga ikkje i sterk nok grad hatt teke for seg leiings- og styringssidene ved organisasjonane. Det var også eit ønske om å styrka den historiske delen av denne forskinga. I tillegg uttrykte opprettinga av LOS ei politisk tru på forsking som eit instrument for å få til endringar.[2] SEFOS vart oppretta som eitt av fleire senter ved Universitetet i Bergen som tok sikte på å samla den eksternt finansierte forskinga under ein felles paraply, som etter kvart vart til Universitetsforsking i Bergen (UNIFOB). Medan LOS var eit senter for etablerte forskarar, var det i første rekke rekruttar utan faste stillingar som sat ved SEFOS, medan forskarar i faste stillingar ved Universitetet leia prosjekta dei arbeidde ved.

Historieforskinga i Bergen har i hovudsak hatt utgangspunkt i Historisk institutt ved Universitetet. Her har forskingsinnsatsen tradisjonelt (instituttet vart til i 1957) hatt eit individuelt preg.[3] Samtidig har ei brei fagleg dekning og ei mangfaldig orientering mellom historikarane der opna for forsking av til dels svært ulik karakter både ved og til dels utanfor instituttet. Programliknande forsking knytt til historie var lenge så å seie fråverande. Større historieprosjekt vart i første rekke utført i forskingstid eller ved sida av

---

[2] Jf her opplysningar fråTore Grønlie om handsaminga av Maktutredningen i Stortinget. Sentrale dokument er *St. meld. nr. 44, 1982-83*, s. 15, jf. s. 2 og innlegg frå Kåre Willoch ref. i *St. tid. 1985*, s. 5124 og Astrid Gjertsen, *St. tid. 1985*, s. 5128. Sjå også Francis Sejersteds forelesing frå opninga av LOS-programmet i oktober 1987, der han innleiingsvis kommenterte forholdet mellom demokrati og styring i den første maktutgreiinga. Sjå "Norsk idyll?" I *Norsk idyll?* Pax 2000.

[3] Sverre Bagge (1996): "Samfunnsvitenskapenes historie", i *Universitetet i Bergens historie. Bind II*, Universitetet, s. 608, og Astri Andresen, Yngve Flo og Tore Grønlie (red.) (2008): *Historie som historie 1957-2007*. Historisk institutt, Universitetet i Bergen. Om dei ulike temaene, sjå særleg Andresen, Astri og Yngve Flo: "Fra det nasjonale til det globale: Forskningen". Utover instituttmilljøet har det vore historikarar ved Høgskolen i Bergen, samt dei økonomiske historikarane ved Norges Handelshøgskole. Særleg Høgskolen i Bergen (tidl. Bergen Lærerhøgskole) har hatt nær kontakt og samarbeid med instituttet.

det ordinære arbeidet.[4] Det siste viste også til eit anna trekk ved historieforskinga i Bergen, med tidlege tradisjonar for institusjonshistorie, i første rekke politisk, men også by- og lokalhistorie.[5] Men med etableringa av dei to sentera blir det danna eit grunnlag for ei historisk programforsking (LOS, men delvis også arbeidslivsforskinga ved SEFOS), og for ei institusjonalisert historisk oppdragsforsking i Bergen.[6]

Det var arbeidslivshistorie som i omfang vart den største delen av historieforskinga ved SEFOS. Ho var her ein del av arbeidslivsforskinga med tilknyting til AHS - Gruppe for fleirfagleg arbeidslivsforsking, eit fleirfagleg miljø som hadde blitt etablert nokre år før SEFOS. I AHS-miljøet var det representantar frå ei rekkje humanistiske og samfunnsvitskapleg fag. Ved SEFOS vart historiske eller historisk orienterte arbeid også viktige bidrag i ei regionalforsking som hadde tette koplingar til arbeidslivsforskinga. Eit tredje, men mindre klart definert temaområde var historisk velferdsstatsforsking, som dels var ein forløpar til tema som kom til å få ein sentral posisjon ved Rokkansenteret (i første rekke forsking om helse og medisin, men også handikapforsking og kjønnsforsking). Den historiske orienteringa mellom mange av samfunnsvitarane ved senteret var også sterk, med felles faglege referansepunkt. Då AHS-gruppa vart til i første halvdel av åttitalet skjedde dette med støtte frå Rolf Danielsen frå Historisk institutt og Knut Dahl Jacobsen ved det dåverande Institutt for offentleg administrasjon og organisasjonskunnskap (seinare Institutt for administrasjons- og organisasjonsvitskap). Utan å involvera seg direkte vidare i miljøet etter den første fasen, spela Danielsen i fleire år ei viktig rolle som rettleiar for fleire av historikarane i miljøet. Knut Dahl Jacobsen engasjerte seg direkte, og var i tillegg prosjekt- og rettleiar for mange av statsvitarane. Han kom særleg til å prega den delen av AHS-gruppa som tok for seg forholdet mellom arbeid og utdanning og til utviklinga av profesjonar i ulike deler av norsk arbeidsliv.

Dei historiske bidraga frå LOS-senteret kan nestan utan unntak plasserast innanfor norsk forvaltingshistorie. Forvaltingsforskinga ved LOS tok til med utgangspunkt i studiane av den statlege foretaksverksemda. Dette var eit tema Tore Grønlie ved Historisk institutt lenge hadde arbeidd med, og som kom til å danna utgangspunktet for

---

[4] Jfr i første rekke Rolf Danielsen og Alf Kaartveds bind av *Stortingets historie* (1964). Oslo og *Høyres historie* (1984), Oslo, og Leiv Mjeldheims framstillingar om Venstre, særleg Folkerørsla som vart parti. Venstre frå 1880-åra til 1905. Bergen 1984 og i 2006 *Den gylne mellomvegen: tema frå Venstres historie 1905-1940*. Bergen. Nyare organisasjonshistoriar organisert er til dømes jubileumshistoria til Sparebanken Vest; Anders Bjarne Fossen (red.) (1998): *Vestlandsreise*. Sparebanken 1 Vest, Bergen, og *Kaffehuset Frieles historie* (Tore Grønlie (red.) (1999) ): Friele 200 år: 1799-1999. Kaffehuset, Bergen. Her var det elles bidrag av Svein Ivar Angell (om Sparebanken), seinare ved Rokkansenteret, og Hans Kristian Mjelva, ved LOS/Rokkansenteret.

[5] Om den politiske historia, jf Danielsen, Kaartvedt og Mjeldheims arbeid i førre note, og Leiv Mjeldheim (2007): "Politikk, stat og styring i perioden etter 1814", i: Andresen m.fl. (2007). Knut Mykland og Rolf Danielsens arbeid med byhistoria i Trondheim frå tida før dei kom til instituttet (Mykland (1955): *Fra Søgaden til Strandgaten: 1807-1880. Trondheim bys histore, bind 3*; Danielsen (1957): *Det nye bysamfunn: 1880-1914*, *Trondheim bys historie, bind 4* må her inkluderast, sjølv om desse kom før dei vart tilsette ved instituttet. Om dette, sjå Odd-Bjørn Fure og Knut Grove: "Seniors perspektiv. Et møte med Rolf Danielsen", *HIFO-nytt* 1/01 Fleire av historikarane ved instituttet var dessutan involverte i Bergen bys historie som kom ut frå 1979 til 1985 (Egil Ertresvåg, Anders Bjarne Fossen, Knut Helle, Tore Grønlie).

[6] Om etableringa sett i høve til Historisk institutt, sjå Tore Grønlie: "Femti år for historie", i Andresen m.fl. (2007), s. 40.

den historiske forskinga han kom til å leia ved LOS-senteret. Det kom også i gang historisk LOS-tilknytta forsking i Oslo, som saman med forvaltingshistoria frå Bergen gav LOS-programmet den historiske dimensjonen som Maktutredningen hadde mangla. Sentrale namn her var Trond Nordby og Rune Slagstad i tillegg til Francis Sejersted.[7] Men det var også ei historisk orientering på deler av den øvrige forskinga rundt leiings- og styringsproblematikk, gjennom eit samarbeid med historikarar først og fremst frå TMV-senteret i Oslo.

## Grunntrekk og utsyn. Historiefaget i Noreg og i Bergen

Historieforskinga ved sentera i Bergen kan plasserast i høve til spesifikke trekk ved historiefaget slik det har utvikla seg i Noreg etter krigen. Frå sist på femtitalet og i alle fall fram til slutten av åttitalet var metodiske og teoretiske perspektiv målborne og formulerte av Jens Arup Seip og Ottar Dahl dominerande og lenge så å seie einerådande.[8] Den *kritiske empirismen* som metodisk tilnærming vart utmynta i Dahls klassikar *Grunntrekk i historieforskningens metodelære.* [9] Her og i Seips metodeartiklar vart ein skepsis mot etableringa av store samanhengar knytt til motstand mot unødvendig teoribruk og vekta på analysar av dei avslutta historiske prosessane.[10] Ein nøktern skrivestil skulle dessutan etterstrebast. For den systematiske utforskinga av kjeldene gav Ottar Dahls metodebok fasiten. Den kritiske empirismens program vendte seg klart mot historikargenerasjonen frå før krigen, ikkje minst mot Halvdan Kohts insistering på at ei levande historieskriving skulle kunna svara på spørsmål som var særleg relevante for notida. Historieskriving kunne såleis aldri bli politisk nøytral. For Koht var den historiske syntesen sentral i historiefaget, slik han sjølv hadde laga si store syntese om utviklinga i norsk historie som ein stadig kamp følgt av integrering mellom klassane i nasjonen frå middelalder til mellomkrigstida. Også dette vendte programmet til Dahl og Seip seg i utgangspunktet mot. Men gjennom sin praksis kom likevel Seip til å bli ein viktig bidragsytar i tolkinga av samtidhistoria – også gjennom historiske syntesar. I eit velkjent føredrag i Studentersamfundet i 1964 vart arbeidarpartistyret etter krigen gjennom ein kritisk

---

[7] Jf her s. 49-50 under. Viktige bidrag frå Oslo-delen var elles Trond Nordby (1993): *Korporatisme på norsk: 1920-1990,* Universitetsforlaget**,** medan Rune Slagstad (1998): *De nasjonale strateger.* Pax, fullførte denne innsatsen.

[8] Ottar Dahl (1967): *Grunntrekk i historieforskningens metodelære***.** Universitetsforlaget. Boka har kome i ei rekkje opplag, og var på pensum ved alle historiestudia i Norge til byrjinga av 1990-talet. Jf også vurderinga av norske historikar i Ottar Dahl (1992): *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre.* Universitetsforlaget, Oslo, 1.utgåve 1959.

[9] Utgjeve første gong i 1967. To bidrag frå Odd-Bjørn Fure er særleg sentrale i den historiografiske og metodiske diskusjonen rundt Dahl og Seip. I artikkelen "Kritisk empirisme. Historie og vitenskapsoppfatning i Ottar Dahls *Grunntrekk i historieforskningens metodelære*" (*Historisk Tidsskrift* 1/1993) (Fure (1993) går han mellom anna inn på Ottar Dahls historiske metodologi og kvifor introduksjonsboka hans har hatt ein så dominerande posisjon i Norge. Plasseringa av Seip var tidlegare drøfta i artikkelen "Problemer, metode og teori i historieforskningen. Historie- og vitenskapsoppfatning i Jens Arup Seips teoretiske produksjon", *Historisk Tidsskrift* 1/1983.

[10] Dei fleste av metodeartiklane er samla i Jens Arup Seip (1983): *Problemer og metode i historieforskningen.* Gyldendal.

analyse plassert inn i Noregs politiske historie, i det Seip sjølv kalte ”en formelaktig beskrivelse”.[11] Seips bidrag kan også sjåast som ein demonstrasjon av at det var naudsynt med meir systematiske studiar om etterkrigshistoria. Rett etter Seips foredrag sette miljøet rundt Magne Skodvin ved Historisk institutt i Oslo i gang med undersøkingar av politikken innan ulike felt for tida etter krigen og opp mot samtida.[12]

Seip og Dahls historiske grunnsyn prega norsk historieforsking vidare framover, sjølv om nye tilnærmingar voks fram frå rundt 1970. Sosialhistorie, der perspektivet vart snudd slik at historia skulle bli sett nedanfrå heller enn ovanfrå, som i den politiske historia, vart utvikla gjennom demografiske punktstudiar og ved å la ”folk flest” koma til orde.[13] Ei sterkare vektlegging av samanhengane aktørane gjekk inn i - metodisk kollektivisme - utfordra etter kvart den rasjonelle og individuelle aktør-orienteringa - metodisk individualisme - som hadde dominert dei historiske analysane.[14] Den historiske syntesen som hadde blitt forsøkt gravlagt med Koht, kom tilbake frå byrjinga av 1990-åra.[15] Gjennom det som vart kalla den nye kulturhistorien vart narrasjon eller forteljing, språk- og kunnskapsteori løfta fram som nye metodiske tilnærmingar. Slike tendensar var ikkje berre eit uttrykk for ein reaksjon mot tradisjonar innan historiefaget, men viste også at forholda i norsk historieforsking var påverka av forhold utanfor Noreg – dette var tilnærmingar som kunne påvisast i det meste av vesteuropeisk historieskriving i same tidsrom.[16] Måten samtid og fortid vart veven saman på, vart tydelegare, der både den sosiale samanhengen historiefaget stod i og rolla historia kunne spela i samtida vart løfta fram.[17] Desse endringane i historiefaget er også ein del av bakteppet for utviklingstrekk ved historieforskinga ved sentera i Bergen.

Men først til moderhuset, Historisk institutt i Bergen. Seip og Dahls historiesyn kom til å stå sterkt ved instituttet frå dette vart til i 1957. Sjølv om den direkte påverknaden kan ha blitt overvurdert, er det mange fellestrekk mellom Seip og fleire i den første

---

[11] Jens Arup Seip (1963): *Fra embetsmannsstat til ettpartistat*. Universitetsforlaget. Om etterkrigstida sin historiografi, Knut Grove (2001): ”Etterkrigstida i historiografisk lys”. Innlegg, Hifo-seminar Sogndal, april 2001 (manus, upubl.).

[12] Jf Trond Bergh og Helge Ø. Pharo (red.) (1987): *Vekst og velstand. Norsk politisk historie 1945-65.* (3. utg, 1. utg. 1977) s. 8-9).

[13] Jf Ullensaker-prosjektet og Langholm-tradisjonen og, Edvard Bull: ”Fra bøndenes og husmennenes samfunn til den organiserte kapitalisme”, I: Ottar Dahl m.fl. (1981): *Makt og motiv Et festskrift til Jens Arup Seip.* Gyldendal, Oslo.

[14] Jf Francis Sejersted (1989): ”Norsk historieforskning ved inngangen til 1990-årene. Et oppgjør med den metodiske individualisme.” Først i *Historisk Tidsskrift* 4/1989.

[15] Jf til dømes Finn Olstad (1991): *Arbeiderklassens vekst og fall.* Oslo. Francis Sejersted: ”Historiefagets fortellinger”, i: Frqancis Sejersted (2000) *Norsk idyll?* Pax, Oslo (Første versjon i Francis Sejersted:” Den truede idyll. Om de vekslende perspektiver i studiet av norsk historie.”. I: Sivert Langholm m.fl. (red. (1994)): *Den kritiske analyse. Festskrift til Ottar Dahl på 70-årsdagen den 5. januar 1994.* Universitetsforlaget, Oslo).

[16] Georg G. Iggers (1997): *Historiography in the Twentieth Century.From Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge.* WesleyUniversity Press. Også Kaeble

[17] Jf Kåre Lunden (1995): “History and Society”. I: William H. Hubbard et al: *Making a historical culture. Historiography in Norway.* Scandinavian University Press (Universitetsforlaget), Oslo 1995, og Tore Grønlie: ”Tiden etter 1945”. I: Rolf Danielsen m.fl.) (1992): *Grunntrekk i norsk historie fra vikingtid til våre dager.* Universitetsforlaget 1992 (1. opplag 1991).

generasjonen av historikarar ved det nye instituttet i Bergen.[18] Seip gav også miljøet i Bergen legitimitet og fagleg støtte, mellom anna gjennom sine reaksjonar på den første store institusjonshistoria, Stortingets historie, der Alf Kaartvedt og Rolf Danielsen skreiv kvar sine bind.[19] Danielsen og Kaartvedt kom til å ligga nær Seip i synet på rasjonelle aktørar med medvitne motiv.[20]

Historiemiljøet ved instituttet i Bergen fekk snart eigne særtrekk. Som stortinghistoria indikerte, vart politisk institusjonshistorie tidleg eit viktig felt.[21] Eit felles og overgripande tema vart det likevel ikkje. Men det kom fleire arbeid om politiske instituasjonar. Særleg det kommunale nivået og kommunens stilling i det norske politiske styringssystemet vart undersøkt. Ei rekkje av bergenshistorikarane var såleis engasjerte i arbeidet med 150-årsjubiléet for kommunane i 1987. Rolla til kommunen i organiseringa og utbygginga av det den norske velferdsstaten kom tydeleg fram.[22] Korleis konkrete behov og initiativ i lokalsamfunnet skapte ei rekkje av velferdsordningane vi kjenner som statlege vart her påviste. Ei rekke andre bidrag knytt til det lokalt og reginoalt nivå har også seinare blitt til av eller i samarbeid med historikarar tilknytte instituttet.[23]

---

[18] Jf likevel at Rolf Danielsen hefd fram likskapane i tilnærming i større grad som uttrykk for eit generasjonsfellesskap enn deltaking i realiseringa av eit bestemt forskingsprogram, sjå Odd-Bjørn Fure og Knut Grove: "Seniors perspektiv", *Hifo-nytt* 1/2001. Den direkte påverknaden frå Seip synes kanskje mest å ha prega den neste generasjonen av historikarar, dei som fekk utdanninga si på sekstitalet, og sterkast i Oslo. Jf Sejersted (1989) og Knut Grove og Sissel Myklebust:: "I strid og idyll. Et møte med Francis Sejersted." I *Hifo-nytt* 5/2001.

[19] Jf Jens Arup Seip (1968): "Stortinget som statsmakt", første gang som bokmelding i Dagbladet i 1964.

[20] Bagge (1996) s. 593

[21] Bagge (1996) s. 591-2.

[22] Jf Næss, Hans E. m. fl.(1987): *Folkestyre i by og bygd. Norske kommuner gjennom 150 år.* Universitetsforlaget og Anne-Hilde Nagel (red) (1991): *Velferdskommunen. Kommunenes rolle i utviklingen av velferdsstaten.* Alma Mater forlag [Bergen] , særleg bidraga til Rolf Danielsen, Tore Grønlie og Edgar Hovland.

[23] Ei rekke bygdebøker og annan lokal- eller regionalhistorie har blitt til. Sjå Ståle Dyrvik (1968-1995): *Etnesoga*, bind 1-5, Etne kommune, Edgar Hovland (1995): *Hadsel bygdebok, bind* 1, Hadsel bygdehistorienemnd, Nils Kolle (1999). 1989) *Bømlo bygdebok, bind 6*. Bømlo kommune og (1999) *Bygdebok for Kvam herad*. Kvam herad, samt trebindsverket *Vestlandets historie* (2006) med Knut Helle som hovudredaktør.

# 3. Den arbeidslivshistoriske forskinga

Arbeidslivshistorie var ein av fleire nye tema som kom inn i norsk historieforsking frå byrjinga av 1970-åra. Historisk arbeidslivsforsking kan sjåast som eitt uttrykk for den sosialhistoriske forskinga som var under utvikling på denne tida. Frå slutten av 1970-åra fekk arbeidslivshistorie fotfeste i Bergen, der ho i hovudsak kom til å finne stad i miljøet rundt AHS-Gruppe for fleirfagleg arbeidslivsforsking som vart etablert i første del av 1980-åra.[24] Mykje av denne forskinga kom til å skje med SEFOS som institusjonell ramme. Situasjonen for arbeidslivshistorisk forsking ved inngangen til 1990-talet blir her nytta som eit inntak til ein vidare presentasjon av prosjekt og bidrag ved SEFOS og Rokkansenteret. Deretter blir det gått inn på sentrale trekk ved denne forskinga og dei samanhengane ho har inngått i. Til slutt blir utviklinga vurdert i lys av forskingsprogrammet som vart skissert på byrjinga av nittitalet og i høve til den vidare utviklinga innan feltet.

Eit forskingsprogram for arbeidslivshistorie vart utmynta i eit bidrag til *Etterkrigshistorisk register* i 1991 der Knut Venneslan gjorde greie for tilstanden i denne delen av forskinga etter krigen. Filosofen Venneslan var ein sentral forskar innan den historisk orienterte arbeidslivsforskinga og i AHS-miljøet, og med ei brei historisk og teoretisk skolering. Etter å ha lagt fram tilstanden for forskinga på feltet, kom han i rapporten med innspel til kva den vidare forskinga innan feltet burde konsentrera seg om. Dei historiske arbeidslivsprosjekta som var i gang ved SEFOS og som fann stad vidare må sjåast i lys av dette programmet.

Kva var så tilstanden for norsk arbeidslivsforsking ved inngangen til 1990-talet? Venneslan slo fast at det for tida før krigen hadde blitt gjennomført relativt mykje, medan forskinga om norsk arbeidsliv etter krigen både tematisk og i innretting var langt magrare. Det som var utført hadde vore konsentrert om den politiske historia, på innføringa av nye tiltak, lover og avtalar slik dei hadde blitt til og formulert, men ikkje sett korleis dei faktisk hadde blitt tekne i bruk og vart praktisert rundt om på arbeidsplassane. Særleg mangla forsking knytta til bedrifter og det einskilde foretaket og den enkelte arbeidsplass. Venneslan understreka også at arbeidslivet var i ferd med å endra seg. Særleg merksemd måtte rettast mot den sterke internasjonaliseringa som gav konserna ei stadig meir framtredande rolle i norsk arbeidsliv.[25] Venneslans konsepsjon og vidare arbeid som prosjektleiar og rettleiar la grunnlaget for det meste av den arbeidslivshistoriske forskinga

---

[24] For ei plassering av AHS i høve til Historisk institutt, sjå Edgar Hovland: "Næringsliv og næringspolitikk" i Andresen m.fl. (2007).

[25] Knut Venneslan (1991a): *Arbeidslivet som etterkrigshistorisk forskingsfelt.* LOS-senter. Notat 91/30. Ein lengre versjon som gjekk meir inn på den samla arbeidslivsforskinga vart utgjeven i AHS-serien som *Arbeidslivsforskningen i Norge i etterkrigstiden.* AHS Serie B 1991-5 (Venneslan (1991b)). Jf her Venneslan (1991b) s. 24-25.

som dei komande åra kom til å bli utført i AHS-miljøet med SEFOS som institusjonelt utgangspunkt.

Frå rundt 1990 kan det identifiserast to tyngdepunkt innan AHS-miljøet. Tematikken for det første var arbeidsliv, medbestemming og omstilling. Her var også dei meir reindyrka historiske bidraga. For det andre tyngdepunktet var det forholdet mellom arbeid og utdanning som stod sentralt, og som i sterkare grad var utført av sosiologar og statsvitarar. Samtidig var omstillingsproblematikken i arbeidslivet eit felles grunnlag. Forskingsprogrammet til AHS-miljøet, "Omstilling i verftsindustrien" kom i gang mot slutten av åttiåra. Her vart det gjennomført studiar av ei rekkje vestlandsverft som hadde omstilt seg frå skipsbygging til produksjon for oljesektoren.[26] Prosessane og mekanismane bak slike omstillingar vart studerte, både når det galdt teknologi, endringar av foretaks- og arbeidsorganisatorisk art, av kvalifikasjonsstrukturar hjå ulike faggrupper og sist sjølve omstillinga av arbeidsforholdet (kva oppgåver og funksjonar som skal utførast av kven) mellom dei ulike gruppene av tilsette.

For dei som var sterkast orientert mot arbeid og utdanning var målet å kartlegga kva konsekvensar omstillingsproblematikken gav for utdanning og opplæring i arbeidslivet, for rekrutteringa til utdanning og karrieremønstrer i arbeidslivet, for arbeids- og opplæringspolitikken til foretaka m.m.[27] I tillegg til omstilling som eit overordna tema var det eit felles grunnlag gjennom ei historisk-sosiologisk tilnærming (om enn i ulike former) med på å oppretthalde samarbeidet mellom dei to tyngdepunkta.

For arbeidslivshistoria må Øyvind Bjørnsons doktoravhandling om Stordø kisgruber og særleg bindet hans i Arbeiderbevegelsens historie frå 1990 trekkast fram.[28] Arbeidet hans om korleis arbeidarrørsla mellom 1900 og 1920 voks fram som ein maktfaktor i norsk samfunnsliv, har vorte eit standardverk innan denne delen av historieskrivinga. Venneslans framstilling om arbeidet og arbeidarane ved BMV Laksevåg før andre verdskrig vart også ferdigstilt, der ein fenomenologisk tilnærmingsmåte og vekta på det konkrete arbeidet var eit lærestykke i humanistisk orientert arbeidslivshistorie.[29] To andre

---

[26] *Omstilling i verftsindustrien.* Programnotat. AHS Serie B 1989-1. Bidraga var Trond Haga (1993): *Stordabuen går offshore. Arbeid og faglig politikk ved A/S Stord Verft 1970-1983.* AHS Serie A 1993-4 (hovudoppgave i historie), Lars Gaute Jøssang (1990): *Frå skipshåndverkar til offshorespesialist.* AHS Serie B 1990-1, Thorvald Sirnes (1987): *Fra skipsbygging til fabrikering av oljeinstallasjonar. Ein studie av Haugesund Mekaniske Verksted*, hovudoppgåve Administrasjon og organisasjonsvitenskap, Univ. i Bergen.

[27] Venneslan 1991b, s 125 og programnotatet *Utdanningssystem og utdanningspolitikk. Yrkesfaglig og teknisk utdanning i Norge.* AHS Serie B 1989-2. Sentrale bidrag i den første fasen var Svein Michelsen (1989): *Oljeindustri og petroleumsingeniører. Relasjoner mellomarbeid og utdanning i Rogaland 1971-1982*, AHS Serie A 1989-2, Ole Johnny Olsen (1989): *Utviklingstrekk ved norsk yrkesutdanning og fagopplæring.* AHS Serie B 1989-3, Rune Sakslind (1990): *Flexible Technology and Social Relations in Industry. Adaption to NC-technology in Norwegian Mechanichal-Engineering Enterprises.* Olav Korsnes (1990): *On the Social Construction of the Skilled Industrial Worker.* AHS Serie B 1990-4.

[28] Øyvind Bjørnson (1987): *Den nye arbeidsdagen. Bedriftsledelse og arbeidere ved Stordø kisbgruber 1911-1940.* AHS Serie A, 1987-1. Øyvind Bjørnson (1990): P*å klassekampens grunn. (1900-1920). Arbeiderbevegelsens historie i Norge. 2.* Tiden.

[29] Knut Venneslan (1989*): Arbeid og erfaring.* AHS serie B.

viktige arbeid var Martin Byrkjelands fagforeiningsstudie frå Høyanger og Hans-Jakob Ågotnes si framstilling av Jern- og metallforeininga i Bergen.[30]

Den fleirfaglege arbeidslivsforskinga fekk eit viktig tilskuv gjennom samarbeidet med ei rekkje forskarar frå dei andre nordiske landa frå midten av 1980-talet. Dette resulterte i fleire nordiske arbeidslivskonferansar og etableringa av eit forskingssamarbeid med ei rekke konkrete utslag.[31]Det treårige programmet *Industrielt demokrati i Norden* var det første uttrykket for samarbeidet.[32] Programmet tok for seg ulike former for medbestemming i dei ulike nordiske landa, og fekk i tillegg fram skilnader i forskingstradisjonar og måtar å tenkja om industrielt demokrati på. Presiseringar og formuleringar av omgrep etablerte eit grunnlag for vidare arbeid.[33] Programmet er delvis oppsummert i antologien *Industriell demokrati i Norden*. Det norske delprosjektet konsentrert rundt medbestemming i Noreg fann stad gjennom delstudiar av måten arbeidsmiljølova vart til på og på praktiseringa av medbestemming i eit norsk industriforetak.[34] Kompleksiteten i prosessane og presisering og utvikling av omgrep var også her sentrale element.[35] Samarbeidet vart ført vidare i *Den nordiske modellens framtid* (NordFram) (1990-1993).[36] Den norske delen av forskingsprogrammet, "Indre marked og nordisk integrasjon. Om internasjonaliseringen av norsk arbeidsliv i 90-årene" vart bygd opp rundt ei forskingsgruppe tilknytta AHS med både hovudfagsstudentar og etablerte forskarar, lokalisert til SEFOS. Det norske prosjektet konsentrerte seg i første rekke om studiar av konsernbedrifter som søkte å sjå kva konserntilknytinga hadde å seia for medbestemmingsforholda.[37] Spørsmålet var om lokale og nasjonale forhold vart overbestemt av tilknytinga til nasjonale og fleirnasjonale konsern. Inntaket gjorde det viktig å gripa endringane over tid, og den historiske dimensjonen stod sentralt for alle deltakarane i prosjektet, både i Noreg og i dei andre nordiske landa. Resultata viste at situasjonen varierte, men at den nasjonalstatlege innverknaden og forholda på den enkelte arbeidsplass framleis var viktig. Samtidig endra

---

[30] Martin Byrkjeland (1991): *Bluss: arbeidarar og fagforeining ved Høyanger verk 1916 – 1986.* Høyanger Kjemisk Industriarbeidarforening, Hans-Jakob Ågotnes (1990): *100 år i kamp og samarbeid: jernarbeiderne i Bergen: Bergen jern og metall, Avd.5:1890-1990.* Bergen Jern- og Metall.

[31] Dei to arbeidslivskonferansane vart arrangerte i Kungälv i 1985 og på Voss i 1986. Sjå Martin Byrkjeland/Knut Venneslan (red.) (1989): *Industrialisering og arbeidsliv. Rapport fra II. Nordiske arbeidslivskonferanse 30/10-1/11 1986 på Voss.* AHS Serie B 1989-7.

[32] Martin Byrkjeland var engasjert som forskar, Ola Chr. Rygh som prosjektsassistent. Sjå Martin Byrkjeland: "Makt og medbesetmming i foretaket og Ola Chr. Rygh: "Arbeid og politikk. Arbeidsmiljloven i den politiske diskurs", i Fleming (red.) 1990.

[33] Jf Fleming i innleiinga til Fleming (red.) s. 7-8.

[34] Fleming (red..) 1990.

[35] Jf Rygh om prosessen fram mot etableringa av arbeidsmiljølova i 1977, og Byrkjelands utlegging og bruk av medbestemming og arbeidslivspolitikk som omgrep i Fleming (red.).

[36] Prosjekta var grunnfinansierte av Nordisk Ministerråd, og dei fleste bidraga kom ut i seminar- og rapportseriane til Ministerådet. Også Noras/NTNF var inne med støtte til det norske prosjektet.

[37] For oppsummering av det norske prosjektet sjå Knut Venneslan og Hans Ågotnes (1994): *Overnasjonalisering og medbestemmelse.* TemaNord 1994:502 og Berg, Nina, Knut Grove og Jan Heiret: (1993): *Medbestemmelse i flernasjonale koncern – studier fra Hydro, Siemens og ABB.* Nordiske Seminar- og Arbejdsrapport 1993:648, samt Kåre Hansen: Internasjonalisering, demokratisering og rasjonalitet. Nordiske Seminar- og Arbejdsrapport 1993:647. Dei to siste rapportane er kortversjonar av hovudfagsoppgåvene til forfattarane, Grove i historie, Berg og Heiret ved Samanliknande politikk og Hansen i sosiologi.

innteningskrava til bedriftene som deler av konsern innhaldet i deler av forholda (frå bedrifts- til konsernrelasjonar) og gjorde konsernfaglege ordningar stadig viktigare for arbeidstakarane både med tanke på informasjon om beslutningar og høve til innverknad. Det vart konstatert at nasjonalstatlege forhold og tradisjonar nok var under press, men framleis spela ei viktig rolle i dei nordiske landa. Resultata frå det nordiske prosjektet vart oppsummert i ein omfattande sluttrapport.[38]

NordFram-programmet vart følgt opp gjennom nye samarbeidsprosjekt. Den samfunnsvitskaplege og samtidige orienteringa vart forsterka, og blir ikkje omhandla vidare i denne samanhengen.[39] Programma var utvilsamt med og styrka den internasjonale dimensjonen og det komparative blikket ved arbeidslivsforskinga i Bergen. Konsernstudiane i NordFram I danna dessutan grunnlaget for ei handbok for tillitsvalde i konsern som vart til i samarbeid mellom AHS og FAFO, der også den historiske bakgrunnen for internasjonalisering, konserndanning og medbestemmings-problematikken i Noreg vart skissert.[40] Konsernstudiane vart vidareførte og tematiserte av Jan Heiret i ei bok om LO, som kom ut som ei uoffisiell markering av at LO var hundre år i 1999, I rettferdighetens navn.[41] I arbeidet med denne framstillinga var Øyvind Bjørnson medforfattar av det viktigaste bidraget, og hadde ei sentral redaksjonell rolle i ferdigstillinga av boka. Frå bergensmiljøet deltok også Hans-Jakob Ågotnes og Martin Byrkjeland, sistnemnde då ved FAFO. Samtidig var det bidrag frå ei rekkje andre sentrale personar i det norske arbeidslivshistoriemiljøet frå Lillehammer og Universitetet i Oslo.

Øyvind Bjørnson kom med fleire sentrale bidrag til arbeidslivshistorie då han var knytta til og sat ved SEFOS. Hovudarbeidet om arbeidarrørsla er nemnt. Deretter kom historia om Statens Arbeidstilsyn (1993). Her stod helsefarane i arbeidslivet og tiltaka som har blitt satte inn for å oppnå eit betre arbeidsmiljø i sentrum, med arbeidet til Arbeidstilsynet som eit inntak til å forstå utviklinga gjennom dei politiske vedtaka, forskinga og institusjonane som såg på forholda til arbeidstakarane, dei frivillege verneorganisasjonane og forholdet mellom arbeidstakarar og arbeidsgjevarar i verne- og miljøspørsmål.[42] Bjørnson skreiv så saman med Elisabeth Haavet trygdas historie i

---

[38] Bernt Schiller et als (ed.). *The future of the Nordic Modell of Labour Relation.* Nord 1993:36. Sjå også bidrag i Pauli Kettunene & tapio Rissanen (red.) (1995): *Arbete och nordisk samhamhällsmodell*. Texter från den fj¨rde nordiska konferensen för historisk arbetslivsforskning, Helsingfors og Kiljava den 16-19 september 1993. Papers on Labour History IV. Tammerfors.

[39] Jf likevel Jan Heiret (2003): "International Management Strategies and Models of Industrial Relations. A Norwegian Experience", i sluttrapporten for NordFram III Daniel Fleming and Thörnquist,Christer (red.) (2003): *Nordic management-labour relations and internationalization: converging and diverging tendencies.* Nord 2003:15. Sjå også sluttrapport for NordFram II, Daniel Fleming et. al (1998): *Global redefining of working life : a new Nordic agenda for competence and participation?* Nord 1998:12. For NordFram-gruppas forskingshistorie, sjå Schiller, Bernt: "Research and Politics. The NordFram Group 1989-2003" i Fleming and Thönquist (red.) (2003), og Daniel Fleming og Søborg, Henrik (2003): "NordFram-gruppen 1989-2003. Et nordisk forskernætverk". *Årsberetning Roskilde Univercitetscenter 2003,* her etter http://diggy.ruc.dk/bitstream/1800/508/1/arsb+2003.pdf#search=%22NordFram%22 (pr 6.10.06)

[40] Berg, Nina; Knut Grove; Tori Grytli og Torunn Olsen (1996): *Håndbok for tillitsvalgte i konsern.* FAFO.

[41] Jf Bjørnhaug, Inger, Øyvind Bjørnson, Terje Halvorsen og Hans-Jakob Ågotnes (red.) (2000): *I rettferdighetens navn. LO 100 år- historiske blikk på fagbevegelsens meningsbrytninger og veivalg.* Akribe.

[42] Øyvind Bjørnson (1993): *100 år for bedre abeidsmiljø. 1893-1993. Arbeidstilsynet 100 år.* Tiden Norsk Forlag. Kommunal- og arbeidsdepartementet var oppdragsgjever, men også med prosjektstøtte frå NTNF.

Noreg, eit nybrottsarbeid som sette denne delen av grunnlaget for den norske velferdsstaten inn i ein historisk samanheng.[43] For den historiske arbeidslivsforskinga vart Bjørnson også viktig då for AHS-miljøet og SEFOS som rettleiar, prosjektleiar og støttepunkt etter at han kom til Historisk institutt i 1993.

Ei rekkje andre bedrifts- og fagforeiningsstudiar vart gjennomført i løpet av 1990-åra. Knut Grove og Jan Heiret kom med fagforeiningshistoriar frå foreininga til Hydro Aluminium på Karmøy (1992) og til jern- og metallarbeidarane på Stord og Sunnhordland (1996).[44] Foreiningshistoria frå Karmøy (*Gjennom brytningstider*) tok for seg opprettinga av foreininga på Karmøy etter at Hydros nye aluminiumsverk kom der i 1967, og korleis foreininga kom til å fungera på i høve til lokalsamfunn, bedrift og konsern. Prosjektet om jern- og metallarbeidarane i Sunnhordland la i enno sterkare grad vekt på forholdet mellom foreininga og klubbane, bedrifter, konsern og lokalsamfunnet.[45] Hovudresultatet av prosjektet var fagforeiningshistoria *I stål og olje*, som vart skriven av Knut Grove og Jan Heiret. Sjølv om hovudvekta låg på foreininga og dei femti etterkrigsåra, vart linjene trekt tilbake til den første industrireisinga på Stord, også for å få synleggjort og presisert grunnlaget for relasjonane foreininga kom til å gå inn i. Det vart trekt vekslar på tidlegare arbeid knytte til omstillingsprosjektet, særleg arbeida til Øyvind Bjørnson rundt arbeidarsamfunnet på Litlabø og ved Stordø Kisgruber som var konsentrert om tida før krigen, og Trond Hagas hovudfagsarbeid som såg på omstillinga av Stord Verft frå skip til offshoreverksemd på syttitalet.[46] Tre hovudfagsstudentar skreiv oppgåver om arbeidarkulturen ved Stord Verft, om økonomiske forhold ved Stord Verft og om treskipsbygging i Sunnhordland. I tillegg til å vera sjølvstendige bidrag i prosjektet, fungerte dei også som tilfang for fagforeiningshistoria.[47] Prosjekta frå Karmøy og Stord resulterte også i to større artiklar.[48]

Grove og Heiret skreiv seinare historie til den kommunale bedrifta Fana steinknuseverk i Bergen. Bedrifta hadde blitt til i Fana kommune som eit steinknuseverk, men hadde etter kvart blitt den sentrale avfallshandteraren i Bergensområdet.[49] I

---

[43] Øyvind Bjørnson og Inger Elisabeth Haavet (1994): Langsomt ble landet et velferdsamfunn: trygdens historie 1894-1994, Ad Notam Gyldendal.
[44] Knut Grove og Jan Heiret (1992):*Gjennom brytningstider. Historien om en ung fagforening.* AKF/Håvik 1992 og Knut Grove og Jan Heiret (1996): *I stål og olje. Historia om jern- og metallarbeidarane på Stord.* Stord, foreninga.
[45] Jf prosjektnotat 23.6.94/19.5.95: "Prosjektet Stord Jern og Metall 50 år 1945 -1995." SEFOS.
[46] Jf Øyvind Bjørnson (1987). *Den nye arbeidsdagen: bedriftsledelse og arbeidere ved Stordø kisgruver 1911-1940*, AHS Serie A 1987-1 (I revidert versjon, forfattaren, Bergen 1991) og (1991): *Gruva : Litlabøsamfunnet gjennom 100 år.* Stord kommune og Haga (1993).
[47] Eva-Marie Tveit (1994) (folkloristikk) samanlikna arbeidarkulturen ved Stord Verft på femtitalet med arbeidarkulturen på nittitalet i hovudoppgåva *Sild, skip og slott av stål: arbeiderhverdag - en kulturanalyse*, Hans Kristian Mjelva (1995) såg på den økonomiske utviklinga ved A/S Stord/Stord Verft i skipsbyggjingsperioden (historie) i arbeidet *Stord Verft 1945-1975 : i spenningsfeltet mellom marknad, teknologi og politikk*, medan Mette Askeland Thuen (1995) (historie) undersøkte forholda ved ved Ottesen skipsbyggjeri i oppgåva *Hverdagslivet på et treskipsbyggeri i Sunnhordland i mellomkrigstiden: arbeiderne ved Ottesens Treskibsbyggeri fra 1920-1940.*
[48] Jan Heiret og Knut Grove (1993): "Kampen om organisasjonsforholdene ved Alnor". *Arbeiderhistorie 1993*, Knut Grove og Jan Heiret: "Ein utkant i sentrum: industribygging og arbeidarar på Stord og i Aker 1945-1990." *Arbeiderhistorie 1998.*
[49] Knut Grove og Jan Heiret (1999): *I Rådalen:": en historie om stein, boss og politikk.* Fana Stein og Gjenvinning, Bergen.

framstillinga vart det arbeidslivshistoriske inntaket forsøkt kombinert med forvaltings- og miljøhistoriske inntak. Medan Øyvind Bjørnson var prosjektleiar for bedriftshistoria om Steinknuseverket, kan eit knippe av andre prosjekt knytast til Knut Venneslan også i perioden 1995 til 2001. Han leia Jern- og metallprosjektet på Stord. Sjølv skreiv han saman med Sissel Høvik og Hans-Jakob Ågotnes historia om foreiningane til til tømrarane og til stein- jord og sementararbeidarane i Bergen. Venneslan stod også for bedriftshistoria til Ulstein støperier saman med Morten Hammerborg, Ingrid Louise Ugelvik og Hans-Jakob Ågotnes.[50] Det største prosjektet han leia på denne tida, gjekk føre seg frå 1998 til 2001. Rammevilkåra for arbeidsmiljøet i elektrobransjen vart omhandla, der forholda i Sunnhordland igjen tente som utgangspunkt for dei empiriske studiane. Hovudrapporten til sosiologen Jone K. Sunde tok her for seg utviklinga av HMS-arbeidet til elektrobedriftene i regionen.[51] To hovudfagsoppgåver vart også skrivne, den eine i historie om elektromontørane og endringa av arbeidet deira, medan den andre (ved Administrasjons- og organisasjonsvitskap) gjekk inn på utvikinga av nye kvalitetsstandardar i Aker.[52] I framhaldet av prosjektet (og utanfor SEFOS-samanhengen) skreiv Sunde så hundreårshistoria til fagforeininga til Elektroarbeidarane i Hordaland og Sogn og Fjordane.[53] Spørsmåla om kvalifikasjonskrav og lovreguleringar rundt arbeidet har stått særleg sentralt i arbeidet til foreininga. Slik var Sundes arbeid også eit uttrykk for korleis temaene i dei to delene av AHS-miljøet kunne førast saman.

Det siste bidraget til den arbeidslivshistoriske forskinga ved SEFOS var Jan Heirets (2001) avhandling *Arbeidslivsrelasjoner mellom bedrift, konsern og stat. Artikler om medbestemmelse, styringsrett og myndighetsutøvelse i norsk arbeidsliv 1945-2001*. Dei fem artiklane oppsummerte hans eiga og mykje av forskinga rundt norsk arbeidsliv som hadde blitt gjort ved SEFOS dei ti føregåande åra. Det første bidraget var knytt til NordFram-prosjektet, dei to neste var perspektiv- og konkluderande artiklar frå dei to fagforeiningshistoriane saman med Grove frå Karmøy og Stord, medan dei to siste eksplisitt undersøkte oppkomsten og endringa av det norske arbeidslivssystemet etter 1945. Samanhengane i avhandlinga var presentert og diskutert gjennom ein grundig og reflekterande introduksjon.

---

[50] Sissel Høvik, Knut Venneslan og Hans-Jakob Ågotnes (1995): *Tømrerfaget i forandring. Tømrernes fagforening i Bergen 1890-1990*. Bergen (foreningen), 1995 og Sissel Høvik, Knut Venneslan og Hans-Jakob Ågotnes (1999): *Samfunnsbyggere gjennom 100 år: 1890-1990 : Stein-, jord- og sementarbeidernes forening*. Bergen, Foreningen, 1999. Hammerborg, Morten, Ingrid Louise Ugelvik, Knut Venneslan og Hans-Jakob Ågotnes (2000): *Jernvilje. Et stykke bergensk industrihistorie 1850-2000*. Bergen. Ulstein støperier.

[51] Jone K. Sunde (2001): *HMS og arbeidsmiljø i elektrobransjen. En undersøkelse av HMS-regulering i 22 elektrobedrifter i Sunnhordland*. AHS Serie A 2001-1. Jf her også vedlegg 7 med samandragsrapport frå prosjektet, av Knut Venneslan og Jone K. Sunde: "Nye rammebetingelser for arbeidsmiljø i elektorbransjen". Prosjektet var støtta av NHOs arbeidsmiljøfond, men med brei deltakelse frå begge partane i bransjen.

[52] Hege Madsen: *Modernisering og tradisjon i et fagarbeiderkollektiv: kampen for elektromontørfaget 1966-1996*. Hovedoppgave i historie - Universitetet i Bergen, 2000.

[53] Jone K. Sunde (2003): *Elektrikere mot strømmen. Historien om Elektroarbeidernes Fagforening Hordaland, Sogn og Fjordane 1903-2003*. Bergen (Fagforeningen).

Opprettinga av Rokkansenteret i 2002 fall saman med trangare tider for den arbeidslivshistoriske forskinga. Det slo særleg inn at historisk orientert arbeidslivsforsking frå inngangen av 2000-talet ikkje lenger var noko prioritert område for Forskingsrådet. Saman med ei viss svekking av det gamle arbeidslivsforskingsmiljøet vart konsekvensen ei nedbygging av innsatsen innan arbeidslivshistorie og arbeidslivsforsking generelt, både i prosjekt og i talet forskarar ved Rokkansenteret.[54] Lyspunktet var den delen av AHS-miljøet som var orientert mot arbeid og utdanning, der fleire større prosjekt og utgreiingsarbeid, som evalueringane av Reform 94 og Kvalitetsreformen vart lagt til Rokkansenteret.[55]

Men trass i vanskelege kår kom det framleis viktige arbeidskivshistoriske bidrag. Særleg må boka *Arbeidsliv, historie, samfunn. Norske arbeidslivsrelasjoner i historisk, sosiologisk og arbeidsrettslig perspektiv* framhevast. Her koordinerte Jan Heiret det meste av arbeidet i samarbeidet mellom ei rekkje bidragsytarar frå det gamle AHS-miljøet. Boka gjev ei samla framstilling av måten norsk arbeidsliv er bygd opp og fungerer på. I tillegg til bearbeidde versjonar av to av Heirets artiklar frå avhandlinga, var det bidrag frå Øyvind Bjørnson, Olav Korsnes og Knut Venneslan. Boka summerte langt på veg opp forskingsstatus innan AHS-miljøet og for sentrale deler av norsk arbeidslivsforsking. Ho viste her korleis perspektivet hadde vorte breiare ved ikkje lenger berre å omfatta privat sektor, men no også tok inn i seg statleg og kommunal sektor.  Samtidig vart arbeidslivsrelasjonane i den kommunale delen av arbeidslivet nærare utlagt i eit anna bidrag frå miljøet (Oddgeir Osland og Svein Michelsen).[56]

Under evalueringa av Reform 94 var Ole Johnny Olsen og Rune Sakslind saman med Svein Michelsen dei etablerte arbeidslivsforskarane frå arbeids- og utdanningsmiljøet. Av dei som kom til som nye vart sosiologen Ove Skarpenes og statsvitaren Håkon Høst seinare knytte til Rokkansenteret. Skarpenes skreiv si avhandling om endringane i læreplanane frå syttitalet og framover, medan Høst har tatt for seg rekrutteringa til hjelpepleiaryrket frå 1960-talet og fram til midten av det første tiåret på 2000-talet.[57]

Knut Grove og Svein Michelsen samarbeidde så frå 2003 i eit prosjekt som knytte i seg perspektiv frå begge dei to delene av AHS-miljøet. I arbeidet med "Lærarforbundets

[54] Ei rekke arbeidslivsforskarar eller forskarar med arbeidsliv som eit av sine felt har fått stillingar ved Universitetet eller andre forskingsinstitusjonar. Ved Universitetet gjeld dette i tilegg til Historisk instiitutt særleg Sosiologisk institutt. Av forskingsinstitutta er IRIS (tidlegare Rogalandsforsking) i ferd med å få ei sentral rolle. I tillegg har mange av dei tidlegare forskarane i miljøet har orientert seg mot nye felt.

[55] Jf Olsen, Ole Johnny;  Ellen Cathrine Arnesen;  Lars  Ove Seljestad og Ove Skarpenes (1998): *Fagopplæring i omforming. Evaluering av Reform 94.* Sluttrapport: AHS Gruppe for flerfaglig arbeidslivsforskning 1998.  AHS Serie B; 4 Svein Michelsen og Per Olaf Aamodt (red.) (2006): *Kvalitetsreformen møter virkeligheten.* Delrapport I. NFR, Rokkansenteret, NIFU-STEP. .

[56] Oddgeir Osland og Svein Michelsen (2004): *Om den historiske forminga av dei kommunale arbeidslivsrelasjonane i Noreg.*  Rapport (83). Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen

[57] Ove Skarpenes (2005): *Utdanningsreformer som moderniseringsoffensiv. En studie av hjelpepleieryrkets rekruttering og dannelseshistorie, 1960 – 2006.* Dr.polit-avhandling, Sosiologisk instiutt, Univ. i Bergen; Håkon Høst (2006): *Utdanningsreformer som moderniseringsoffensiv. En studie av hjelpepleieryrkets rekruttering og dannelseshistorie, 1960 – 2006.* Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.

historie" vart eit medbestemmings- og arbeidslivsperspektiv og eit utdannings- og profesjonsperspektiv lagt til grunn for gjennomføringa av prosjektet.[58] Slik vart tematikken frå AHS-boka delvis vidareført og knytt til perspektiv frå profesjonsforskingstradisjonen ved Institutt for Adminstrasjon og organisasjonsvitskap.[59] Boka *Lærarforbundet - Mangfald og samarbeid* (2005) viste den historiske prosessen som førte fire ulike lærartyper, organiserte i NorgesHandelslærerlag, Norsk Spesiallærerlag, Norsk Faglærerlag og NUFO i 1993 saman i ein organisasjon, Lærarforbundet. Lærarforbundet vart så følgt vidare fram til den nye fusjonen med Norsk Lærarlag i 2002. Merksemda vart retta mot historia til dei fire lærarkategoriene, organisasjonane deira, tradisjonane som vart etablerte, danningssynet deira, korleis dei plasserte seg i det framvaksande forhandlingssystemet og på relasjonane mellom dei. Lærarorganisasjonane har måtta avvega sine val av strategiar som forvaltarar av både lønstakar- og profesjonsinteresser. Organisasjonsform og strategival har funne stad i spenninga mellom på den eine sida forminga av det moderne utdanningssystemet og på den andre med lærarane som arbeidstakarar i høve til stat og kommune som arbeidsgjevar og dermed til forminga av forhandlingssystemet i norsk arbeidsliv.

## Frå arbeidsprosessar til relasjonar mellom arbeidsplass og samfunn

Med gjennomgangen over som bakgrunn, vil eg for det første sjå på kva som har vore dei sentrale spørsmåla innan den arbeidslivshistoriske forskinga frå SEFOS-tida og inn i Rokkansenteret, og for det andre i kva grad har det funne stad ny- eller reorienteringar innan denne forskinga.

Først om utgangspunktet for utforminga av den historiske arbeidslivsforskinga i Bergen: Då AHS-miljøet kom til i første del av 1980-talet, var ønsket både å fornya og å knyta seg til metodiske og teoretiske nyorienteringar innan arbeidslivsforskinga i Noreg og i Bergen. For den humanistiske delen av forskinga og i utarbeidinga av dei overordna konsepsjonane for arbeidslivsforskinga i Bergen kom filosofen Knut Venneslan til å spela ei viktig rolle, medan Øyvind Bjørnson kom med dei viktigaste faghistoriske grunngjevinga, utlagt i ei rekke historiske arbeid.

[58] Anne Homme, også frå Rokkansenteret, bidrog i to av kapitla.

[59] Her er det særleg tenkt på profesjonsforskinga i AHS-miljøet/Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitskap, der bidraga om ingeniørane, om tannlegane og helseprofesjonane og om lærarinnene særleg kan trekkast fram. Sjå Tor Halvorsen (1994): *Profesjonalisering og profesjonspolitikk: den sosiale konstruksjonen av tekniske yrker*, (dr. avhandling), Vibeke Erichsen (red.) (1996): *Profesjonsmakt. På sporet av en norsk helsepolitisk tradisjon.* Tano Aschehoug og Vibeke Erichsen (1990): *Professionalisation and public policy variations. The case of dental care in Britiain and Norway* (dr. avhandling), Anne Homme (1993): *"Vi vil løfte skolen og løfte standen. En studie av feminiserings- og profesjonaliseringsprosessen i læreryrket i Norge, 1890-1912.* (h.fagsoppgave).

Eit utgangspunkt for denne forskinga vart lagt gjennom NAVF-programmet "Humanistisk orientert arbeidslivsforsking" som vart leia av Venneslan.[60] Venneslans utgangspunkt for å studera arbeidslivet var måten arbeidet forma erfaringane til menneska som handlande individ, med fenomenologien (Edmund Husserl) og menneska sine møte og oppleving av den konkrete livsverda som bakgrunn.[61] Samtidig blir erfaringane plassert innanfor produksjonsforholda i samfunnet som knyter an til ein marxistisk problemkontekst.[62]

Øyvind Bjørnson vart saman med etnologen Eldbjørg Fossgard knytt til prosjektet "Humanistisk orientert arbeidslivsforsking". Fossgards prosjekt tok for seg endringane av arbeidet for kvinnene i landbruket, men vart først ferdigstilt som avhandling midt på nittitalet (sjå under).

Bjørnson hadde då eit nyskapande bidrag til den arbeidslivshistoriske forskinga bak seg, der han i hovudoppgåva frå 1979 hadde utfordra dei rådande perspektiva innan denne delen av historieforskinga.[63] Med arbeidsprosessen som forskingsstrategisk utgangspunkt, utvikla han ei tilnærming som gav ein metodisk framgangsmåte og ei grunngjeving for konkrete studiar av arbeidsplassen. Dette representerte ein eksplisitt omsnunad i høve til tidlegare studiar som gjerne såg forholda på den einskilde arbeidsplass som avspeglingar av ideologiske og politiske forhold i arbeidarrørsla sentralt. For å forklara arbeidarane sine haldningar og handlingar måtte arbeidet på konkrete arbeidsplassar danna utgangspunktet for forskingsprosessen, vart det halde fram frå Bjørnson. Inntaket gav ei humanistisk og hermeneuetisk orientering til studiar av arbeidslivet som metodisk gjekk godt saman med Venneslans fenomenologiske tilnærming. Men vekta på å forstå og forklara handlingane betydde samtidig at ein hadde å gjera med aktørar som streva for konkrete mål. Skilnaden var at desse ikkje nødvendigvis var dei same for arbeidarane ved bedrifta som for Landsorganisasjonen. Men her var det partar og grupperingar som handla innanfor avgrensa og forholdsvis tydelege handlingsrom. Avstanden til ei rasjonell aktørorientering var dermed kortare enn ein i utgangspunktet vil venta, og kan ha vore med på å fanga Danielsens interesse for arbeidslivsfeltet. [64]

---

[60] Knut Venneslan (1985):"Humanistisk orientert arbeidslivsforskning". En presentasjon av et forskningsprosjekt og et forskningområde." I: *Arbeidslivsforskning i humanistisk perspektiv. Konferanserapport.* Rådet for humanistisk forskning, NAVF. Venneslan presenterte her også den forskingspolitiske samanhengne for at denne typen arbeidslivsforsking vart sett på dagsorden,. Innstillinga frå Hovedkomitéen for norsk forsking frå 1979 (Arbeidslivs- og arbeidsmiljøforskning, særlig på bakgrunn av den teknologiske utvikling") var her sentral, med Arbeidsmiljølova frå 1977 og *St.meld. nr 14 (1977-78)* om sysselsetjingspolitikken.

[61] "Innen de rammer som er blitt skissert, innebærer det humanistiske en fokusering på hva som skjer med folk i arbeidslivet, hvorledes dette blir opplevd og erfart, hvorledes holdninger, innstillinger og adferdsformer oppstår og utvikler seg." Venneslan (1985), s. 21.

[62] Jf Bagge (1996) s. 665 og forordet i Knut Venneslan (1989): *Arbeid og erfaring*. AHS serie B 1989-10.

[63]Bjørnson, Øyvind (1979)*: Pengene eller livet: fagforeningshistorie frå Trondheim: typografar og målarar 1890-1918.* Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen og artikkelen (Bjørnson (1980)) "Kollektiv aksjon blant typografar og malarar i Trondheim 1880-1918" i: *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie,* nr 2, 1980.

[64] Martin Byrkjeland, personleg kommentar, haust 2006. Byrjeland hadde Danielsen som rettleiar på hovudfag (Byrkjeland (1985)).

Gjennom avhandlinga *Arbeid og erfaring* viste Venneslan korleis den filosofiske innrettinga hans kunne kasta lys over historia og erfaringane til dei arbeidande individa, med arbeidsstad og lokalsamfunn som ramme.[65] Studiet av arbeidsplassar og arbeidsprosessar vart i løpet av 1980-talet eit kjenneteikn ved AHS-miljøet.[66] Samtidig vart det relasjonelle i arbeidsprosessperspektivet tidleg understreka: arbeidsprosessen måtte sjåast i høve til til dømes lokalsamfunn, bransjeforhold eller marknadsplassering. Konsepsjonen til miljøet vart utlagt av Olav Korsnes og Knut Venneslan i eit bidrag frå 1986.[67] Øyvind Bjørnsons bind i *Arbeiderbevegelsens historie* om åra 1900 til 1920, demonstrerte korleis historia arbeidarrørsla kunne skrivast med grunnplanet og medlemmene som utgangspunkt.[68] Arbeidsprosessen og arbeidarane på den einskilde arbeidsplass danna utgangspunktet for tilnærminga, på same tid som deira ulike utgangspunkt kom til å prega dei også som ein del av arbeidarrørsla. Forholdet mellom det samansette og det einheitlege i arbeidarrørsla vart hovudtemaet i framstillinga.[69] Bjørnson viste her korleis arbeidarrørsla var sett saman av ulike grupper av arbeidarar, som hadde heilt ulike arbeids- og livserfaringar, og heller ikkje delte dei same visjonane om framtida. Dette var skilnader som ikkje vart borte sjølv om dei gjekk inn i den same rørsla. Samtidig var korkje skilnader eller visjonar statiske, men endra seg over tid. Arbeidet viste det fruktbare i eit perspektiv nedanfrå. Dette og bruken av arbeidarminne knytta an til Edvard Bull d.y., men utmyntinga av dynamikken mellom det samansette og einheitlege gav framstillinga eit særeige og nytt grep.

For den meir samfunnsvitskaplege delen av AHS-miljøet spela prosjektet "Mot en rasjonell ledelse – profesjonsutvikling mellom kunnskapsproduksjon og teknologisk endring" (MORAL) ei tilsvarande rolle som det humanistiske NAVF-programmet. MORAL vart leia av sosiologen Olav Korsnes og statsvitaren Knut Dahl Jacobsen, med base i sine respektive institutt ved Universitetet. Også i dette prosjektet var den historiske dimensjonen sentral, der tidsrommet 1930-1980 skulle dekkast.[70] Den humanistiske og den samfunnsvitskaplege orienteringa innan miljøet gav både opphav til ulike tyngdepunkt, men også til ein forskarfellesskap. For AHS-miljøet som heilskap fekk forskinga ein fleirfagleg profil, både i prosjektsamanheng og gjennom bruken av ulike og særleg samfunnsvitskaplege tilnærmingar. AHS-miljøet fekk i tillegg tidleg ei brei internasjonal orientering, særleg mot tysk og fransk samfunnsforsking og filosofi. Dahl

---

[65] Venneslan (1989).

[66] Jf hovudoppgåvene til Hans-Jakob Ågotnes (1985): *Skipsbygging, jernarbeidarar og fagleg kamp: om arbeidsprosessar, skipsbygging og fagleg verksemd i jern-og metallindustrien 1900-1920*, Historisk institutt, Universitetet i Bergen, og Lars Gaute Jøssang (1987): *Arbeidsprosessar og arbeidarpolitikk ved Stavanger Electro Staalverk A/S 1913-1931*, AHS serie A 1987:2 (som h. fagsoppgåve 1986).

[67] Om arbeidsprosessperspektivet, sjå Olav Korsnes og Knut Venneslan (1989), s. 69-74 (særleg s. 73) i "Arbeidslivsforskning – forsøk på en nyorientering., i: Byrkjeland, Martin/Knut Venneslan (red.) (1989): *Industrialisering og arbeidsliv. Rapport fra II. Nordiske arbeidslivskonferanse 30/10-1/11 1986 på Voss.* AHS Serie B 1989-7.

[68] Bjørnson (1990).

[69] Bjørnson (1990), s. 13.

[70] Bagge (1996) s. 666.

Jacobsens til dels anglo-amerikanske tilnærming kom også til å spela ei viktig rolle for mange, særleg i studiane av profesjonar.

Kva kom så til å karakterisera den arbeidslivshistoriske forskinga i Bergen? Lesen inn i ein historiografisk kontekst vart arbeidsprosesstilnærminga eit stykke på veg oppfatta som vidareføring av Edvard Bulls forsking, der vekta på arbeidsplassen og arbeidsprosessen var det nye i høve til Bulls arbeidarmiljø-analysar.[71] Men særleg når det galdt bruken av arbeidsprosessen som forklaring på arbeidarane sine tenkemåtar og handlingar, vart tilnærminga av fleire sett meir som eit teoretisk perspektiv enn som ein forskingsmetodikk. Dermed vart det som var ein måte å nærma seg forskingsobjektet også oppfatta som ein forklaringsmåte. Sjølv om det kan finnast innslag av ei slik tenking i miljøet, er det likevel grunn til å halda fast at tilnærminga var ein metodikk for studiar av arbeidsplassen, meir enn som ein forklaringsmåte, slik Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli meinte å kunne påvisa.[72] Eit sentralt element som vart integrert i forskingsmetodikken i Bergen var vektlegginga av intervjuet og konstitueringa av dette som munnleg kjeldemateriale. Metodisk vart intervjuet sett som ein dialog mellom intervjuar og informant, med vekt på det konkrete og faktiske. Framgangsmåten kan sjåast som eit uttrykk for ein fenomenologisk og hermeneutisk praksis.[73] Eit anna trekk ved tilnæminga i miljøet som heilheit var vekta på komparasjon, både over tid og mellom land. Dette vart særleg understreka av filosofen Knut Ågotnes, som også var viktig for utviklinga av metodiske og vitskapsteoretiske spørsmål i AHS-miljøet.[74] Sentrale i desse

---

[71] Dagfinn Slettan (1996): "Sosialhistorien etter 1970. "Fra sosialhistorie til kulturhistorie", *Historisk Tidsskrift* (nr 75), s. 95.

[72] Jan Eivind Myhre (1996): "Social history", i Hubbard et al (1995), s. 234, framhevar såleis forklaringsmåten til miljøet som ein komibinasjon av tilvisingar til teknologi og andre forhold på arbeidsplassen "with more traditional sociological variables". Knut Kjeldstadli la på si side til grunn at AHS-miljøet ønskte å påvisa ageringsmønsteret slik det var bestemt av produksjonsprosessen, og meinte å kunna visa at det var for sterk automatisme i forklaringane. Det vart også påstått at arbeidslivshistoria såg andre forklaringselement enn dei om følgte av erfaringane frå arbeidsplassen og i arbeidsprosessen som sekundære. Her etter Heiret (2001), s. 27-28.

[73] Sentralt her er dialogen med intervjuobjektet, medskapinga av kunnskap mellom informant og den som blir informert og bearbeidinga av den munnlege materialet etter bruk. Tilnærminga til bruken av munnlege kjelder har felles trekk med folkloristane (jf Fredrik W. Thue (1996): "Det humanistiske fagfelts historie", i *Universitetet i Bergens historie. Bind II*, s. 514-15), både i synet på informantane som bidragsytarar og i måten intervjua blir bygde opp på, i tillegg til vekta på nøyaktig attgjeving med utskriving av intervjua. Det å få informasjon om vurderingar og haldningar blir sett på som like viktig som innhentinga av faktakunnskapen. Samtidig blir kjeldekritiske prosedyrar med bruk av skriftleg materiale sett som sentralt. I bruken av livsløpsintervju er det også fellestrekk med dei meir kvalitativt orienterte sosiologane. Kanskje er vekta på at den kunnskapen som kjem fram i intervjuet er eit uttrykk for noko som blir til i dialog mellom informant og intervjuar det mest sentrale trekket ved metodikken.

[74] Jf Knut Ågotnes (1989): "Komparasjon – metode eller oppdagelsesreise." Artikkelen fins i ulike versjonar, til dømes i *Kvar i sin dal. Komparasjon som metode i lokalhistoriske studiar. Rapport frå HIFO-seminar 14-16. oktover 1988*. Tapir forlag og i AHS Serie B 1989-8.

samanhengane var mellom anna Philip Abrams´ med sin historiske sosiologi og Jeffrey C. Alexander og hans kontinuum-tenking knytt til forsking over faggrensene.[75]

Forholda knytte til arbeidssituasjonen heldt fram å vera ein viktig del av arbeidslivshistoria og forskingsprosessen. Men konkrete studiar av arbeidsprosessar var mindre sentrale frå 1990 og vidare framover. Det vart heller lagt vekt på å sjå korleis situasjonen i bedriftene og for dei tilsette der som arbeidstakarar var eit resultat av forhold på og utanfor arbeidsplassen. Kva som prega bransjen og dei andre samanhengane bedriftene og arbeidstakarane gjekk inn, måtte gripast og analyserast.[76] Relasjonane mellom dei enkelte aktørane og aktørgruppene stod dermed i sentrum.[77] Såleis vart det meir eit relasjonelt perspektiv enn eit arbeidsprosessperspektiv som prega denne arbeidslivshistoriske forskinga.

Dei to opprinnelege tyngdepunkta i AHS-miljøet var eit av forholda bak ei meir tematisk todeling frå rundt 1990. Den eine delen av miljøet kom til å konsentrera seg om medbestemming i bedrifter og konsern, med Venneslan som leiar og med ei sterkare humanistisk orientering, medan den andre delen tok for seg forholdet mellom arbeid og utdanning. Her var det ei sterkare statsvitskapleg og sosiologisk innretting, med Dahl Jacobsen og Olav Korsnes i viktige roller. Den mest historiefaglege prega forskinga fann stad ved SEFOS, i hovudsak med Venneslan som prosjektleiar, men der Bjørnson også var inne i fleire av prosjekta. Etter at Øyvind Bjørnson fekk fast stilling ved Historisk institutt i 1993, fekk arbeidslivshistoria også betre fotefeste der.

Eit relasjonelt perspektiv låg også til grunn for regionalforskinga som tok form med utgangspunkt i eit NFR-prosjekt om regional utvikling.[78] Regionalforskinga vart styrkt gjennom opprettinga av Vestnorsk kulturakademi (VKA) på Voss i 1996. Aktivitetane ved VKA vart dessutan organiserte som eit prosjektområde ved SEFOS. Elles vart studiar av dei industrielle forholda og næringssamanhengane i Sunnhordland no sentrale. I tillegg til at regionalperspektivet vart utvikla, drog NFR-prosjektet også vekslar på tidlegare studiar av industrien og andre former for arbeid i regionen. For Grove og Heirets prosjekt om historia til jern- og metallarbeidarane i Sunnhordland vart relasjonane arbeidstakarar og foreining var vevne inn, i lagt til grunn. Bedrift og lokalsamfunn var det som stod i sentrum, mindre sjølve arbeidet og arbeidsprosessen. Samtidig vart det viktig å kunna forklara handlingane til dei historiske aktørane og forstå intensjonane deira, i tråd med den hermenutiske tradisjonen innan miljøet. Også i arbeidet om fagforeininga ved

---

[75] Philip Abrams (1982): *Historical sociology.* Near Shepton Market og Jeffrey C. Alexander (1982): *Thoretical Logic in Sociology. Vol 1.* Berkeley, University of California Press. Abrams blir drøfta i Ågotnes (1989), medan Alexander m.a. blir drøfta i Korsnes, Olav, Hanne Müller og Knut Ågotnes (1988): "Tverrfaglighetens problem i arbeidslivsforskningen – tre ulike angrepsmåter", i *Sosiologi i dag* nr 2, 1998.

[76] Jf igjen Korsnes og Venneslan (1989),

[77] Heiret (2001) utla situasjonen frå 1990 av slik: "Målet for analysene var å få fram den konkrete situasjonen som arbeiderne møtte på arbeidsplassen, og dette var en situasjon som varierte over tid med bransje, yrke og lokale forhold. Dermed var det ikke et grunnlag for å formulere allmenne lover, men ved å forstå den konkrete situasjonen arbeiderne stod oppe i, kunne [sic] historikeren leve seg inn i deres oppfatning av hva som stod på spill. Dermed var det en hermeneutisk tilnærming perspektivet åpnet for." (s. 28-29)

[78] Knut Venneslan (1997): *Industriutvikling i Sunnhordlandsindustrien 1990-1996/7. Rapport fra prosjektet "Arbeid og sysselsetting i Sunnhordland".* AHS Serie B 1997-3.

Hydros anlegg på Karmøy (1992) var denne tenkinga til stades, med særleg vekt på forholdet til lokalsamfunn og konsern. Kva som avgjorde arbeidstakarane sine handlingar vart forsøkt utvikla vidare, både direkte i dei to nemnde prosjekta og i andre samanhengar (jf under).

Grunnlaget for eit relasjonelt perspektiv i studiar av arbeidslivet vart formulert slik: "Arbeidarane inngår såleis i eit sett av relasjonar som påverkar måten dei tenker og handlar på. Det relasjonelle må understrekast, også mellom dei ulike nivåa arbeidarane og arbeidsplassen deira inngår i, som bedrift, lokalsamfunn, nasjonalstat og konsern."[79] I det konkrete arbeidet sitatet viste til tok relasjonane utgangspunkt i fagforeininga til jern- og metallarbeidarane på Stord, dei faglege samanhengane dei var involverte i som foreining, forholda i bedrifta på Stord, Akerkonsernet, bransjen og nasjonalstaten som ramme. Denne relasjonelle tenkinga vart vidare knytt til sentrale omgrep i den historiske arbeidslivsforskinga som solidaritet og arbeidarkultur og tidlegare debattar både i AHS-miljøet og med andre arbeidslivsforskarar.[80] Studia frå Stord og Aker danna utgangspunktet for å diskutera situasjonen og historia til den norske arbeidarklassen og norsk industri etter krigen.[81] Også eit klarare komparativt elemetn kom inn, saman med ein regional dimensjon og spørsmålet om eksistensen av ein særskilt vestnorsk arbeidarkultur. Dei ulike debattane og det etter kvart breie erfaringsgrunnlaget danna utgangspunktet for satsinga på arbeidsliv som eit eige studium, i første rekke som eit vidareutdanningstilbod. Eit opplegg kom i gang i 1996, og vart etter først å ha blitt utvikla i samarbeid med HF-fakultetet ved Universitetet i Bergen eit studium ved Historisk institutt.[82] Med utgangspunkt i fagtilbodet fekk så Jan Heiret fast stilling ved instituttet (2003).

## Perspektiv på den arbeidslivshistoriske utviklinga

Dei arbeidslivshistoriske bidraga ved SEFOS og Rokkansenteret har i første rekke hatt utgangspunkt i konkrete studiar av bedrifter og fagforeiningar. Slik har dei hatt eit inntak nedanfrå i tråd med den sosialhistoriske orienteringa i historiefaget frå 1970-talet av. Samtidigi kan forskinga sjåast som forsøk på å realisera bestemte mål som vart etablerte på byrjinga av 1900-talet. I kva grad har så den arbeidslivshistoriske forskinga vi har sett på følgt opp ønska som vart sette fram i "forskingsprogrammet" frå 1991?

---

[79] Grove og Heiret (1998), s. 126.

[80] Kjeldstadli (1986), s. 99 si formulering om solidaritet som noko som er skapt og vedlikehalde under bestemte historiske forhold er eit sentralt utgangspunkt (jf t.d. Heiret (2001), s. 30. Jf også Ågotnes (1990).

[81] Utgangspunktet var bidraga til Finn Olstad (1991) og Håkon With Andersen (1989). Jf Heiret (2001) s. 32-36 for ei oppsummering og Grove og Heiret (1998). Spørsmålet om forholda i verftsindustrien i stordomstida på seksti- og syttitalet i Jern og Metall-prosjektet vart også teke opp av Hans Kristian Mjelva (1996), og vidareført i avhandlinga hans. Sjå under, kapittel 6.

[82] Erfaringane frå det første året er dokumentert og evaluert i Knut Grove (1997): "Delfaget Arbeidsliv-Historie-Samfunn, Det historsk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen og Akademikernes Fellesorganisasjon 1996-97. Rapport frå eit prøveprosjekt" Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen

For det første har dei arbeidslivshistoriske bidraga frå SEFOS og Rokkansenteret saman med andre bidrag frå miljøet i Bergen vore med på å auke kunnskapen om norsk arbeidsliv gjennom ei rekke bedrifts- fagforeinings- og konsernstudiar. Slik har dei gjeve kunnskap om korleis nye tiltak i arbeidslivet, særleg innan medbestemmings- og samarbeidsforhold (gjennom lov- og avtaleverk, men også til dømes Arbeidsmiljølovgjevinga) har blitt teke i bruk og har fungert rundt om på norske arbeidsplassar. Samtidig viste studiane korleis forholda rundt arbeidsplassane har endra seg over tid, for så vel bedrift som arbeidstakarar. Dette gjeld i heile perioden det har eksistert eit organisert arbeidsliv i Noreg - frå siste del av 1800-talet og fram til i dag. Som bidrag til kunnskapsopparbeiding om norsk arbeidsliv etter krigen har forskinga vore særleg viktig. Metodisk har vekta på relasjonane på arbeidsplassen og mellom arbeidsplass og samfunn blitt framheva. Dette har for det første skjedd gjennom studiar som har presisert måten arbeidsplassar og bedrifter har gått inn i lokale og regionale samanhengar. For det andre har studiar av arbeidsplassar og bedrifter som deler av konsernnettverk regionalt, men også nasjonalt og overnasjonalt stått sentralt. Slik har vart det tydeleggjort korleis konserna kom inn som ei viktig ramme på mange arbeidsplassar alt på 1950-talet, der dei tilsette og deira organisasjonar var med på å utvikle nye former for samarbeid og stilte krav om medbestemming på nye beslutningsnivå. Den aukande internasjonaliseringa og konsernleggjeringa frå siste del av 1980-åra og framover vart handsama historisk, i tillegg til i meir samfunnsfagleg orienterte studiar.

Samla har bidraga frå miljøet vore med på å opparbeide den kunnskapen om norsk arbeidsliv i etterkrigstida som mangla ved inngangen til 1990-åra. Samtidig kan trekk som går utover forskingsprogrammet framhevast. Den arbeidslivshistoriske forskinga ved Rokkansenteret og særleg ved SEFOS har vore med på å bidra til ny kunnskap om norsk arbeidsliv gjennom heile det 20. hundreåret. Særleg har det skjedd ei utviding av perspektivet frå privat til også å inkludera kommunal og statleg sektor. Dette har vore med på å gje eit klarare samla bilete av norsk arbeidsliv som ein del av samfunnsutviklinga i Noreg, slik det særleg kjem fram i boka *Arbeidsliv-Historie- Samfunn.* Teoretisk-metodisk har den relasjonelle tenkinga blitt vidareført og blitt innarbeidd som ein del av forskingsmetodikken, medan forhold knytte til arbeidarkultur og klasseproblematikk har blitt søkt tematisert og diskutert som ein del av den samla utviklinga innan forskingsfeltet.

# 4. Den forvaltingshistoriske forskinga

Situasjonen for forvaltingshistorie som forskingsfelt vart tidleg i 1990-åra lagt fram og gjennomgått som eit eige bidrag i *Etterkrigshistorisk register* av Tore Grønlie.[83] Som avgrensing av forvaltingshistorie som forskingsfelt la Grønlie sentralforvaltinga sine institusjonar og funksjonar som utgangspunkt.[84] Men også plasseringa til insititusjonane i forhold til det politiske systemet og til dei politiske funksjonane og relasjonane til styresmaktene vart omhandla innan forvaltingshistorie, samt statleg forretningsdrift der drifta hadde styrings- og forvaltingsmessige implikasjonar. Samtidig var grensene til system- og konstitusjonshistorie flytande. Det sentrale feltet til Grønlie som forvaltingshistorikar var etableringa og organiseringa av statleg industri i Noreg etter krigen.[85] Bidraget om forvaltingshistorie i registeret var ein del av arbeidet for å opparbeida systematisk kunnskap om norsk etterkrigshistorie (jf Venneslans tilsvarande "forskingsprogram" om arbeidslivshistoria over). Sjølve registeret og arbeidet med dette blir kommentert i tilknyting til den øvrige historieforskinga ved LOS.

Kva var så stoda for forvaltingshistoria ved inngangen til 1990-åra?[86] Grønlie tok sentralforvaltinga sine institusjonar og funksjonar som tematisk utgangspunkt. Han påviste korleis forvaltinga i liten grad hadde fått ei sjølvstendig handsaming i større verk med tema frå norsk etterkrighistorie. Her vart det for ofte lagt til grunn forklaringar som var for lite underbygde, med hypoteser som ikkje var godt nok forankra i konkrete historiske studiar av periodane dei skulle forklare. For å gjera noko med dette, måtte styrings- og organisasjonsproblem i det vidare takast opp i full breidde.[87]

Grønlie viste her for det første til behovet for meir forsking om sentralforvaltinga, der den pågåande forskinga ved LOS (og Historisk institutt) skulle styrka den forvaltingshistoriske forskinga om etterkrigstida.[88] Eitt viktig mål ville vera å analysera utviklinga av sentralforvaltinga i etterkrigstida, ei utvikling i spenningsfeltet mellom brot eller nydanning og kontinuitet (endringar, utviklingstrekk, kontinuitet i forvaltinga) som så måtte forklarast. Grønlie understreka at det særleg ville vera viktig å sjå på politisk reformaktivitet og kva internasjonale impulsar som låg bak slike reformar, samt det eventuelle samspelet dei i mellom. I studiane av slike reformframstøytar hadde politiske

---

[83] Tore Grønlie (1993): *Forvaltning og fullmaktslovgivning som etterkrigshistorisk forskningsfelt.* LOS-senter Notat 9308

[84] Grønlie (1993), s. 1.

[85] Tore Grønlie (1973): *Jern og politikk 1945-1955*: *A/S Norsk jernverk: beslutningsprosessen fra plan til produksjon* (oppr. Hovudoppgåve, Historisk institutt, Universitetet i Bergen 1971) og Tore Grønlie (1976): "Årdal Verks oksydavtale med Alcan i 1947" i *Historisk tidsskrift* nr. 55. Tore Grønlie (1989): *Statsdrift: staten som industrieier i Norge 1945-1963.* Tano [dr.philos-avhandling]. Siste del av arbeidet med avhandlinga fann stad ved LOS.

[86] Fullmaktslovgjevinga vart i oversiktsartikkelen sett meir som eit sideordna tema enn som ein integrert del av forvaltningshistoria.

[87] Grønlie (1993), s. 6-7, s. 15-20, s. 23.

[88] Grønlie (1993), s. 55-60. Prosjektet som blir nemnt er "Forvaltningspolitiske trender. Reform og endring i sentralforvaltningen 1945-1990".

initiativ og program for ofte blitt handsama for snevert. Internasjonale samanlikningar ville dermed bli viktige.[89] Behovet for fleire og konkrete studiar av reformframstøyta og dei ulike fasane fram til eventuelle resultat vart understreka. Det galdt å sjå i kva grad enkeltperiodar (som 1980-talet og dei store moderniseringsprogramma i offentleg sektor) var prega av tidstypiske forvaltingspolitiske klima. Verknaden – eventuelt mangelen på verknaden av reformar - måtte også undersøkast. Grønlie heldt fram at det truleg ville vera særleg interessant å studera slike problem som stadig kom attende i reformsamanheng – problem som genererte stadige løysingsforsøk, men som ikkje vart og kanskje ikkje kunne løysast. Dette galdt spesielt brytninga mellom institusjonell autonomi og sentral styring knytt til institusjonar med ulike grader av "fristilling" i høve til politisk og administrativ leiing.[90]

Det første store prosjektet for historieforskinga ved LOS tok også utgangspunkt i forholda for statsbedriftene. *Autonomi og styring i statsbedrifter. Statsindustrielle styrings- og organisasjonsproblemer i historisk lys*" gjekk føre seg i perioden 1989 til 1995. Prosjektet kom i gang på same tid som utgreiinga til Hermansen-utvalet (1989) om moderniseringa av statleg sektor kom.[91] Statsaksjeselskapet vart her løfta fram som ein viktig modell for ei nødvendig reformering, kombinert med auka fristilling. Omdanninga av Televerket til Telenor (1994) vart det første uttrykket for denne reformverksemda – ei endring som skjedde i løpet av perioden til LOS-prosjektet.

I "Fristillingsprosjektet" vart hovudfagsstudentar frå Historisk institutt knytte til forskarkollektivet ved LOS-senteret, i det som synes som eit fagleg stimulerande vekselbruk mellom historikarmiljøet og det fleirfaglege samfunnsvitarmiljøet ved LOS.[92] Den politiske styringa av statlege aksjeselskap – handlingsrommet for styringa, organisasjonsformer og grensene – med utgangspunkt i det historiske erfaringsmaterialet frå dei nesten 50 åra denne selskapsforma hadde stått i sentrum i Noreg. Prosjektet skulle sjå korleis selskapsforma hadde fungert i praksis, kva det var med henne som fungerte, kva som skapte tilbakevendande politiske problem og kvifor det hadde vore så vanskeleg å konstruera eintydige løysingar på problema med brei politisk oppslutnad. Målet var å forstå statsaksjeselskapa sine politiske rammer og dermed *fristillingas grenser* for selskap i statens grenseland, der fristilling utover grensene ville innebera privatisering.

Øyvind Grøndahl og Tonje Tveite gjorde ferdig sine hovudfagsoppgåver som forskingsassistentar ved LOS.[93] Grøndahl vart så stipendiat, og vart ved sida av Tore Grønlie den viktigaste bidragsytaren vidare i det forvaltingshistoriske miljøet ved LOS. "Fristillingsprosjektet" vart oppsummert i boka *Fristillingens grenser* (1995). I tillegg til å understreka at statsaksjeselskapet var å finna i grenselandet til staten, minna tittelen om at

---

[89] Grønlie (1993), s, 56-58.

[90] Grønlie (1993), s. 59- 60.

[91] *NOU 1989: 5 En bedre organisert sta*t, samt Grøndahl og Grønlie, kommentarar.

[92] Jfr forord, s. 7 i Tore Grønlie og Grøndahl, Øyvind (red.) (1995): *Fristillingens grenser. Statsaksjeselskapet – styringsproblemer og reformprosesser gjennom 50 år*. Fagbokforlaget.

[93] Utgjevne som Øyvind N. Grøndahl (1992): *Frihet og styring. Arbeiderparties og Høyres styringsfilosofier og styringspraksis overfor statsbedriftene 1945-1986*, LOS-senter Rapport 1992/2 og Tonje Tveite (1993): *Løve og skinnfell. En analyse av forsøket på å etablerte et Statlig forvaltningsselskap for industri 1967-1981*, LOS-senteret, Rapport 1993/6.

sjølve fristillinga også hadde sine grenser, både med omsyn til kva selskapa sjølve kunne avgjerda, og ved at det er grenser for kor klar styring gjennom statsaksjeselskap kunne vera.[94] Forholdet mellom Hermansen-utvalet og det historiske erfaringsmaterialet vart også drøfta av Grønlie.[95] Samtidig synleggjorde innstillinga til utvalet behovet for meir kunnskapsopparbeiding innan feltet.[96]

Fristillingsproblematikken vart i det vidare sett inn eit breiare og samtidig perspektiv og knytt saman med forskinga til fleire av statsvitarene ved LOS. For boka *Ein stat?: fristillingas fire ansikt* (1998) som vart redigert av Grønlie saman med statsvitaren Per Selle, var temaet såleis den nye staten og spreiinga av oppgåver til institusjonar, styringsorgan og styringsnivå utanfor denne som utfører desse oppgåvene på vegner av staten.[97] Fristillinga sin plass i ein situasjon der nyliberale idear er styrka og nært knytt opp til voksande styringsproblem, vart her diskutert.[98] Fristilling vart diskutert langs fire dimensjonar - indre, ytre, kommunal/fylkeskommunal og som ekstern fristilling gjennom frivillege organisasjonar eller stiftingar ut av den offentlege sfæra.[99]

Grønlies bidrag tok for seg den ytre fristillinga med vekt på at fristilling ikkje var noko nytt anna enn som omgrep[100]. Kva funksjon har og har fristillinga hatt i styringssystemet og kva utfordringar har dette skapt for folkestyret?[101] Spørsmåla vart handsama ved å sjå på kven som har gått inn for fristilling. Rasjonalet blant aktørane vist seg å variera, der fristilling i den første perioden var eit uttrykk for ønsket om meir stat, i den siste mindre – og med privatisering som ytterste konsekvens.

"Forvaltningspolitiske trender. Reform- og endringsprosesser i sentralforvaltningen 1945-1990" som vart avslutta i 1999 var det største av dei forvaltingshistoriske prosjekta ved LOS. Eit viktig bidrag her var Øyvind Grøndahls avhandling frå 1997 som tok for seg forholdet mellom direktorat og departement i norsk sentralforvalting etter andre verdskrig.[102] Gjennom ei institusjonell tilnærming tok han for seg Landbruks-departementet og direktoratspørsmålet der, Helsedirektoratet og opprettinga av Tolldirektoratet. Perspektiva han etablerte, dreide seg for det første om bruken av tilknytingsformer og for det andre om forholdet til den allmenne forvaltingspolitikken. I tillegg vart dei tre institusjonane også sette inn i eit fagstyreperspektiv. Han konsentrerte seg om organisasjonsløysingane, der forholdet mellom direktorat og departement spelte seg ut innan grunnleggande spenningsforhold og "evige dilemmaer" i forvaltinga, som

---

94 Grønlie s. 13 i Grøndahl og Grønlie (red.) (1995).
95 Grønlie s. 79 i Grøndahl og Grønlie (red.) (1995).
96 Hermansen-utvalget, s. 33, her etter Grønlie s. 84 i Grøndahl og Grønlie (red.) (1995).
97 Grønlie og Selle (1998) (Samlaget).
98 Grøndahl og Grønlie (red) (1995), s. 9.
99 Same stad, s. 11-12, figur over fristillingsdimensjonen, s. 13.
100 "Drømmen om en konkurransetilpasset stat – Ytre fristilling som styringspolitisk redskap – 1945 – 1995".
101 Same stad, s. 67.
102 Øyvind Grøndahl (1997): *Fristilling og politisering: om bruken av direktoratsformen og forholdet mellom direktorat og departement i norsk sentralforvaltning etter 1945*. Los-senteret, rapport 9712. Avhandling (dr. art.) - Universitetet i Bergen.

forholdet mellom fridom og styring og mellom autonomi og aksess.[103] Direktoratsforma vart her ei form for "indre fristilling".

Avhandlinga til Grøndahl danna saman med ei rekke andre bidrag frå forskarar, hovudfagsstudentar og stipendiatar grunnlaget for boka *Forvaltning for politikk*.[104] Boka var også det første forsøket på å gje ei forholdsvis samla framstilling av sentraladministrasjonen si historie etter 1945, med vekt på forholda fram til rundt 1980. Samtidig vart forvaltingshistoria i større grad sett inn i ein historiografisk samanheng, der særleg Torstein Haalands bidrag og innspel var viktige.[105] Hovudtyngda ligg på forvaltingspolitikken – den politikken som har hatt som føremål å omforme sentraladministrasjonen for å gjera den til eit betre politisk reiskap, men handlar også om utviklinga; endringa av sentraladministrasjonen, og om dei forskjellige og skiftande organisasjonsformene forvalting er utøvd gjennom.[106] Utviklinga frå å vera eit klassisk byråkrati mot eit reiskapsbyråkrati blir sett som eit uttrykk for ei politisering. Politiseringa varierte i innhald, men dominerte styrings- og forvaltingspolitikken i Noreg frå krigen slutta og i alle fall fram til byrjinga av 1980-åra. Dette var ei politisk vilja utvikling, med ei stadig aukande grad av integrasjon mellom politikk og forvalting der politikarane sette premissane.

I eit eige kapittel skisserte Tore Grønlie og Torstein Haaland "den norske tradisjonen" i styrings- og forvaltingshistoria, kva som har vore dei viktigaste temaene og debattområda, der dei søker å plassera forskingsmiljøets orientering, synspunkt og perspektiv i høve til tradisjonen og tidlegare forsking.[107] *Politiseringa* av forvaltinga etter 1945 blir framheva: integrasjonen mellom politikarar og byråkratar gjennom utviklinga av ei "forvaltning for politikk" er det som meir enn noko anna har karakterisert det norske styringssystemet etter 1945. Politiseringstesa vart utdjupa av Grønlie, som også såg på korleis arbeidarpartiregjeringa dei første etterkrigsåra ivra for reformar tilpassa sine nye politiske mål (kapittel 3) og korleis dette gav seg utslag gjennom ei forvaltingsintern og ein forvaltingsekstern politiseringsstrategi. I andre kapittel blir så forsøk på å reorganisera heile forvaltinga eller deler av henne undersøkte. Det sentrale og omdiskuterte spørsmålet knytt til fullmaktslovene og forholdet mellom rettstryggleik og demokrati blir særskilt omhandla (kapittel 8). I eit kapittel om forvaltingspolitikken i syttiåra blir organiserings av den sentrale forvaltingen (kapittel 10) diskutert i høve til Dahl Jacobsens kontraksjons- og detraksjonsfasar.[108] Yngve Flos bidrag (kapittel 11) er særleg interessant fordi det utvida

[103] Grøndahl og Grønlie (red.) (1995), s. 46.

[104] I tillegg var det bidrag som tok utgangspunkt i hovudfagsarbeid frå prosjektet. Dette galdt Torstein Haaland (1997): *Politikkstaten blir til: tollforvaltningens rasjonalisering 1945-1975.* LOS-senter. Rapport 9709. Kristin Lind (1995): *Forvaltning for politikk. Regjeringens forvaltningsmessige framstøt i 1955.* LOS-senter Rapport 9506. Tonje Geithus (1999): *Statssekretærene. Intensjon og praksis.* H. fagsoppgåve i historie. Berit Juul (1996): *Kruttrøyk. Det forvaltningspolitiske oppgjør i kjølvannet av Kings Bay og "industriskandalene".* LOS-senter Rapport 9607: Linda Solhaug (1996): *Fra rettssikkerhet til demokrati. Offentlighetslovens tilblivelse.* H.fagsoppgave i historie. Bjørn Tafjord (1996): *Forvaltning og rettsikkerhet. Forvaltningskomiteens etablering, arbeid og innstilling 1947-1958.* LOS-Senter Rapport 9606. Claus Røynesdal (1999): *Mistillit kontroll aksept. Borgerlig forvaltningspolitikk 1945-1970.* LOS-senter Rapport 9902.

[105] Grønlie og Grøndahl, kommentar.

[106] Grønlie (red.) (1999) s. ix, Forord.

[107] Same stad, s. 12.

[108] Same stad, s. 238-9.

tematikken for forvaltingshistorie som felt ved å sjå dei kommunale nivåa som ein del av det nasjonale styringsverket. Han tok først for seg bruken av desentralisering som strategi i styrings- og forvaltingspolitikken i perioden 1945-1975.[109] Samla meinte Flo at bruken av desentralisering som strategi saman med den aktuelle forskinga på sentraladministrasjonen indikerer at det fanst ein heilskapleg forvaltingspolitikk etter krigen, der dei statlege reiskapene vart omforma til aktive og sjølvstendige organ både sentralt og lokalt. Resultatet vart eit kommunalt sjølvstyre i statens teneste. I avsluttingskapittelet (kapittel 13) drog Grøndahl og Grønlie trådane saman og avslutta med å diskutera om politisering framleis er det karakteristiske trekket ved utviklinga.[110]

*Forvaltning for politikk* vart ei oppsummering av forsking og problematikk som skulle førast vidare i prosjektet om *Sentraladministrasjonens historie*, som i første rekke kom til å finna stad ved Rokkansenteret. Framstillinga viste at dei institusjonelle logikkane til dei ulike forvaltingsorgana framleis var viktige, samtidig som det vart understreka at det statlege forvaltingssystemet både kunne setjast inn i ein lengre tidshorisont og dessutan kunne seiast å omfatta dei kommunale nivåa. Dette viser også korleis strukturelle trekk ved forvaltinga vart sterkare vektlagt enn tidlegare.

## Forvaltingshistoria ved Rokkansenteret

Ved Rokkansenteret vart arbeidet med sentraladministrasjonens historie vidareført som eit eige prosjekt. I tillegg vart den forvaltingshistoriske forskinga knytt til to nye tematiske forskingsområde, medan to arbeid to for seg institusjonshistoria til to av etatane i forvaltinga. Forskingsområda det er tale om gjeld for det første forholdet mellom dei kommunale nivåa og staten og er såleis i første rekke eit framhald av forskinga til Yngve Flo frå LOS. For det andre helse- og medisinhistorie, som utvikla seg som eit nytt tematisk hovudtema ved Rokkansenteret. Dei forvaltingshistoriske samanhengane utgjorde her den eine delen av ei større satsing leia av Tore Grønlie og blir handsama under som ein del av helse- og medisinhistorie som tema.

Når det gjeld forskinga rundt forholdet mellom dei kommunale styringsnivåa og staten, leverte Yngve Flo i 2003 eit viktig bidrag til Makt- og Demokratiutredningen, Her følgte han opp og vidareutvikla perspektivet på kommunane som ein del av eit nasjonalt styringverk.[111] Det lokale og regionale styringsverket blir sett som ein einskap, som heilt eller delvis fungerer som ei forlenging av det sentrale styringsverket og som reiskapar for nasjonal politikk. Eit statleg praktisk og ideologisk behov for nærleik til folket blir uttrykt. Han viste korleis nokre tema og problemstillingar har gått att i den sentrale politikken

---

[109] Flo, Yngve (1999): *Staten ut til folket. Desentralisering som styrings- og forvaltningspolitisk strategi 1945-1990.* LOS-rapport R9901. (oppr. Hovudoppgåve i historie, Historisk institutt, UiB, h-98). Flo kom så med ein rapport til Oppgåvefordelingsutvalet, der utviklinga på syttitalet vart nærare analysert og forholdet mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen eit hovudtema i jakta på spørsmålet om kvifor fylket står så svakt i dag (Flo, Yngve (2000): *Mellom stat og sjølvstyre. Fylket i norsk styringsverk etter 1945.* LOS-rapport R0003.

[110] Flo (2000), s. 342.

[111] Flo, Yngve (2003): *Det lokale og det nasjonale. Statleg politikk overfor det lokale og regionale styringsverket frå 1900 til i dag.* Makt- og demokratiutredningens rapportserie, Rapport 65.

overfor denne delen av styringsverket. Mange av dei politiske dilemmaene ved tilhøvet mellom sentrale og lokale/regionale styresmakter utgjorde typiske fleirnivåproblem, som det å finna ei optimal fordeling av oppgåver, kompetanse og ansvar. Bidraget gjekk inn med viktige premissar til sluttrapporten for Makt- og Demokratiutredningen.[112] Det utgjorde også ein viktig del av grunnlaget for avhandlingsarbeidet hans.[113] Samarbeidet mellom historikarane og statsvitarane ved LOS vart vidareført ved Rokkansenteret. Den forvaltingshistoriske forskinga rundt staten og fleirnivåproblema vart knytt til den samfunnsvitskaplege demokratiforskinga.[114] Eit meir heilskapleg bilete av forholdet mellom stat og lokaldemokrati kunne dermed teiknast.[115] Konsekvensane dette fekk for biletet av forholdet mellom kommune og stat i historieforskinga vart handsama av Grønlie i *Historisk Tidsskrift*.[116]

Forskinga rundt Sentraladministrasjonens historie heldt likevel fram å vera sentral. Eit stort erfaringsmateriale var allereie opparbeidd.[117] Dette vart no supplert av to etatshistoriar. Øyvind Grøndahl (2004) tok i si bok for seg Tollvesenet, medan Arne Haugen (2005) såg på Skatteetaten. Grøndahl hadde i avhandlinga si teke for seg Tollvesenet som ein av fire ytre etatar, og fekk her høve til å gjera ein nærstudie.[118] Han legg her vekt på korleis etaten si utvikling (frå 1957 i direktorats form) fann stad i eit samspel mellom samfunnsforhold, politiske prioriteringar og eigne ambisjonar som ofte kunne vera kompliserte.[119] Medan ytre forhold har lagt rammene, vart måten dei slo inn i etaten på, påverka av sterke enkeltaktørar. Etatens identitet framstod i seg sjølv som robust og tilpasningsdyktig. Samtidig måtte etaten heile tida leva i eit spenningsforhold mellom på den eine sida å vera rask og effektiv i tollhandsaminga og det å driva grundig nok kontroll på den andre. I avveginga mellom desse forholda har det vore fleire pendelbevegelsar, på åttitalet mot det effektive, dei siste åra tilbake mot sterkare kontroll.[120] Framstillinga gjekk i tillegg til dei reine forvaltingshistoriske temaene også inn på andre samanhengar i etaten, som forhold knytte til sjølve arbeidet til yrkesgruppa og til spørsmålet om fagidentiteten deira.

---

[112] NOU 2003: 19: *Makt og demokrati. Sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen.* Per Selle frå Rokkansenteret og Institutt for samanliknande politikk skreiv rapporten saman med Øyvind Østerud og Fredrik Engelstad.

[113] Yngve Flo (2005): *Staten og sjølvstyret. Ideologiar og strategiar knytt til det lokale og regionale styringsverket etter 1900.* Dr. art. avhandling, Historisk institutt, Univ. i Bergen.

[114] Grøndahl og Grønlie, kommentarar.

[115] Jf Næss (red.) 1987 og spesielt Grønlies bidrag der om etterkrigstida, samt Nagel (red.) 1991.

[116] Grønlie, Tore (2004):"Fra velferdskommune til velferdsstat - hundre års velferdsvekst fra lokalisme til statsdominans." *Historisk Tidsskrift* 4/2004.

[117] Arbeida til Torstein Haaland går også inn i førebuingsarbeidet mot *Sentraladministrasjonens historie.* Avhandlinga hans, som baserer seg på artiklar som i første rekke vart publisert ved LOS, vart levert ved Institutt for statsvitenskap i Oslo i 2005. (Torstein Haaland: *Administrasjon og politikk i Norges statshistorie 1814-2000*).

[118] Øyvind N. Grøndahl (2004): *Det norske tollvesenets historie. Tiden etter 1940.* Toll- og avgiftsdirektoratet.

[119] Jf same stad, s. 414-15.

[120] For kommentarar til dette, sjå Paul G. Roness (2006): "For tollarar, historikarar og syndarar", bokmelding i *HIFO-nytt* 1/2006.

Arne Haugens arbeid om Skatteetaten om perioden frå slutten av 1800-talet og fram til 2005 fekk ei breiare innretting enn den reint forvaltingshistoriske.[121] Medan det før 1900 var eit skattevesen utført av valgte ombod utover landet, er det i dag eit profesjonelt skattbyråkrati og ein stor statsetat med eit kommunalt skatteoppkrevarapparat. Men oppgåvene var heile tida å fastsetja og kreva inn skattar og avgifter i samsvar med politiske vedtak. To spenningsforhold har dominert: For det første mellom lokalt sjølvstyre og statleg kontroll, der staten stadig rykte djupare inn på det som opphaveleg var eit kommunalt ansvarsområde. For det andre spenninga mellom lekmannsordningar og eit profesjonelt byråkrati, med ei utvikling frå det første til det siste. Desse to spenningsforholda har prega etaten si tilnærming til og forståing av oppgåvene som forholdet til det å vera juridisk korrekt, til å skaffa størst mogleg inntekter, til samfunnsgagn og av å forenkla arbeidet med likninga for skatteytarane. Måten etaten har forstått rolla si har endra seg over tid, der bestemte forståingar har prega verksemda på ulike tidspunkt.

Dei to etatshistoriane kan sjåast som eit preludium for Sentraladministrasjonens historie for tida etter krigen. Til dette grunnlagsarbeidet høyrde også to artiklar av Grøndahl og Grønlie som sette den norske sentraladministrasjonens historie inn i ein komparativ samanheng, med vekt på forholda i dei to nabolanda.[122] Arbeidet med Sentraladministrasjonens historie i etterkrigstida skal fullførast av Yngve Flo og Tore Grønlie.[123] Utover arbeidet med Sentraladministrasjonens historie vart den forvaltingshistoriske forskinga ved Rokkansenteret nærare knytt til demokrati og lokalforvalting som tema. Samtidig førte dei store reformene innan særleg sjukehussektoren til at forvaltingshistoriske spørsmål vart aktualiserte også innan medisin og helsedelen av forskinga ved senteret. Dette blir handsama som ein del av helse- og medisinhistorie under.

## Fristilling og politisering

Den forvaltingshistoriske forskinga ved LOS og Rokkansenteret har vore omfangsrik, men har også hatt ei klar retning. Eg vil med gjennomgangen over som bakgrunn sjå på trekk som har karakterisert forvaltingshistoria ved LOS og Rokkansenteret og på korleis denne forskinga har endra seg i perioden 1990 til 2005.

Den forvaltingshistoriske forskinga ved LOS-senteret vart utvikla og leia av Tore Grønlie. Tematikken frå avhandlinga hans om statsbedriftene vart ført over til spørsmålet om statsaksjeselskapa si funksjon i styringsverket og som organisasjonsform. I

---

[121] Arne Haugen (2005): *På ære og samvittighet: skatteetatens historie etter 1892*. Vigmostad og Bjørke. Tore Grønlie var saman med Edgar Hovland prosjektleiarar.

[122] Grønlie, Tore and Øyvind Grøndahl, (2004):"From the Swedish Ideal to EU Direction: Scandinavian Central-State Administative Reform in the 1980s and 1990s, in a Post-1945 Perspective." *Jahrbuch für Europäische Verwaltungsgeschichte 2004* og Grøndahl, Øyvind og Tore Grønlie (2005). "Politikk og forvaltning i Skandinavia. Ministerstyre, dualisme eller "ja takk, begge deler"?." I: *Den politiske forvaltning. Historiske spor i nutidens bureaukrati*. København: Forlaget Politiske Studier 2005.

[123] Grøndahl begynte på dette arbeidet, men slutta ved Rokkansenteret ved årsskiftet 2006-7.

utmyntinga av forvaltingshistoria ved LOS synes både Historisk institutts tradisjonar for politisk institusjonshistorie og ei kopling mot norsk etterkrigshistorisk forsking slik denne voks fram frå midten av 1960-åra, ut til å vera til stades. Grønlie hadde delteke i kommunal- og byhistoriske arbeid saman med andre ved instituttet.[124] I tilegg hadde han eit eige bidrag i *Vekst og velstand*. Dette var elles eit fellesarbeid frå det samtidshistoriske miljøet i Oslo, der tittelen også vart ein merkelapp for denne gruppa historikarar. I arbeidet med *Etterkrigshistorisk register* var det deltakinga frå "vekst- og velstandshistorikarane" stor.

Forvaltingshistoriemiljøet ved LOS voks utover i nittiåra. Ser vi på forklaringsmodellane som vart nytta, var eit karakteristisk trekk avvisinga av einfaktor-forklaringar. Avvisinga synes både empirisk og teoretisk motivert. Grønlie heldt alt i avhandlinga *Statsdrift* fram at det låg mange og tildels ulike og sideordna motiv bak opprettinga av statsbedriftene - med statsaksjeselskapet som føretrekt form - ikkje ein samla og heilheitleg politikk. Oppfatninga står i kontrast til synspunkta til Even Lange og Francis Sejersted som meiner at staten den første etterkrigstida dreiv ein "kompensatorisk entreprenørskap" innan industrisektoren, og gjekk inn der det private initiativet ikkje strekte til. For Lange var denne entreprenørskapen del i ein overordna industripolitisk strategi frå Arbeidarparti-regjeringa, medan Sejersteds utgangspunkt var at staten måtte kompensera for eit manglande norsk storborgarskap. Såleis var det nødvendig å sjå på regjeringas politikk for å finna ein heilheitleg politikk. Dette avviste Grønlie: ingen av motivkompleksa kunne overordnast andre.[125] Fleire faktorar måtte tilleggast vekt, og viste behovet å vidare djuptborande, empiriske studiar.

I Maktutredningen hadde det blitt lagt til grunn ei oppfatning av at embetsverket sin posisjon overfor det politiske apparatet hadde blitt monaleg styrka i etterkrigstida.[126] Tesa gav forvaltinga ein reiskapsfunksjon i høve til den politiske leiinga, som syntes dårleg empirisk underbygd.[127] For å finna kva handlingsrom forvaltingsapparatet og deira organ hadde i høve til politisk styring og kontroll, måtte nye studiar til. Forvaltingshistoriemiljøet ved LOS tok dessutan tak i "styring" og "kontroll" som omgrep, der omgrepsparet likevel vart gjeve eit forholdsvis breitt innhald for å kunna fungera gjennom ein tidsspenn som etter kvart kom til å omfatta det meste av tida etter

---

[124] Ved sidan av industripolitikk var kommune- og byhistorie sentrale tema. Jf Næss (red) og Grønlie og Fossen 1987. Sjå også Nagel (red.) 1991, særleg bidraget om velferdskommunen. Leiv Mjeldheim, også ein sentral forskar innan (politisk) institusjonshistorie var rettleiar på hovudfaget, medan Edgar Hovland og Rolf Danielsen var andre sentrale samarbeidspartnerar.

[125] Langes synspunkt kom fram i hans opponentinnlegg under Grønlies doktordisputas og var trykt i *Historisk Tidsskrift* i 1991. (""Statsdrift. Staten som industrieier i Norge 1645-1963. Opposisjonsinnlegget ved Tore Grønlies doktordisputas"). Grønlie svara same stad ("Et rasjonale –eller flere, én disputas – eller flere?. Replikk").

[126] *NOU 1982:3. Maktutredningens sluttrapport*, s. 33-34.

[127] Jf Grøndahl (1997), s. 16.

krigen.[128] Det første store forvaltingshistoriske prosjektet, Autonomi og styring i statsbedrifter" som starta i 1989, kom som vi har vore inne på til i ei tid prega av reformar i offentleg sektor. Spørsmålet om avvikling av dei gamle statsaksjeselskapa (i hovudsak statsindustrien), vart følgt av opprettinga av nye selskap med same organisasjonsform eller gjennom den nye modellen med statsforetak (1991).[129] Samtidig vart dei konkrete politiske haldningane til statsdrift undersøkt av Øyvind Grøndahl (1991).[130] Han konkluderte med at argumentasjonen om forretningsmessig fridom for statsbedriftene var sterkast frå Arbeidarpartiet, med tilvising til behovet for bedriftsøkonomisk effektive statsbedrifter, medan det var Høgre som i første rekkje kravde politisk styring og kontroll. Men medan det å legitimera og forsvara statsdrifta var ein viktig årsak for Arbeidarpartiet gav leiinga i statsbedriftene stor fridom, hadde Høgre ei grunnleggjande mistru til statsdrift para med eit konstitusjonelt grunngjeven skepsis og eit forsvar for Stortinget si innsyns- og kontrollrett. Forholda i dei einskilde statsbedriftene vart også undersøkt i andre studiar.[131]

I *Frihetens grenser* gjekk Øyvind Grøndahl og Tore Grønlie hardt ut mot ei forståing som legg til grunn at rasjonelle beslutningsprosessar og organisatoriske løysingar kan sikra optimal avveging mellom styring og fridom.[132] I studiane av statsaksjeselskapa var målet ikkje å avgjera om dette var ei god eller dårleg styringsform, men å sjå korleis selskapsforma fungerte, kva det var med henne som fungerte, kva forhold som skapte politisk problem som stadig kom opp att, og kvifor det har vore så vanskeleg å konstruera eintydige løysingar på problema med brei politisk oppslutnad. Det galdt å forstå statsaksjeselskapa sine politiske rammer og dermed *fristillingas grenser*. Arbeidet for å få "en bedre organisert stat" bygde på sterk oppslutnad om fristilling som problemløysing. Ei forflytning mot den "frie" polen på ein skala som gjekk frå full integrasjon til fullt sjølvstende som ytterpunkt, var resultatet.[133]

Måten statsaksjeselskapa har vore organisert på, gjev eit utgangspunkt for å kunna læra av historia. Dagens organisasjonsform for statsaksjeselskapa er eit produkt av fortida, ei fortid vi må forstå for å kunns forstå organisasjonen vi har føre oss.[134] Øyvind Grøndahl (1997) heldt i avhandlinga si fram at synspunktet også galdt andre organisasjonsformer. Denne institusjonelle tilnærmingsmåten vektlegg korleis

---

128 "Styring" blir sett som aktiv påverknad eller forsøk på påverknad frå sentrale statsstyresmakter for å få selskapet til å opptre i samsvar med ønska til vedkomande styresmakt. Dette gjev eit vidt omgrep – frå instruksjon til meiningsytring, frå politisk leiing eller via forvaltningsinstansar/einskildbyråkratar på vegner av politisk styresmakt. Det blir ofte følgt av "kontroll" - informasjonsinnhenting som skal sikre at eit selskap opptrer i samsvar med føresetnadene, generelle eller spesifikke. Jf Grøndahl og Grønlie (1995).

129 *NOU 1991:8, Lov om statsforetak*. Organisasjonsforma låg mellom forvaltningsbedrifta og statsaksjeselskapet, men med staten som eineeigar med ubegrensa økonomisk ansvar. Grøndahl og Grønlie (1995), s. 230.

130 Øyvind N. Grøndahl (1992): *Frihet og styring. Arbeiderparties og Høyres styringsfilosofier overfor statsbedriftene 1945-1986*. LOS Rapport 1992/2 (oppr. Hovedoppgave i historie, Universitetet i Bergen, 1991)

131 Samtidig har det blitt hevda at historikarane innanfor den såkalla Vekst og velstand-skolen har ein for sterk identifikasjon med aktørane. Jf Francis Sejersted (1994) om dette som "den empatiske skole"., "med stor vekt på å forstå de sentrale politikers motiver".

132 Grøndahl og Grønlie (1995), s. 15-16.

133 Grøndahl og Grønlie (1995), s. 11.

134 Jf Grøndahl og Grønlie (1995), s. 13

einskildorganisasjonar over tid utviklar ein institusjonell identitet ut frå eigne erfaringar og tradisjonar: "Bestemte grunnoppfatninger og tenkemåter, eller styringsprinsipper, overleveres på denne måten fra én generasjon av organisasjonsmedlemmer til en annen. Slik gis institusjonen en "treghet" som også kan gjøre dem vanskelige å endre." Grøndahl la tilnærminga til grunn for analysar av Landbruksdepartement og direktoratspørsmålet der, av Helsedirektoratet og for opprettinga av Tolldirektoratet.

Metodisk innebar tilnærminga eit historisk-institusjonelt syn på organisasjonar som rasjonelle aktørar med evne til å læra, men samtidig prega av handlingsmønster etablerte over tid. Måten institusjonane vart sett på viste også at institusjonell teori i samfunnsvitskapleg forstand ikkje vart nytta. I det heile vart samfunnsfagleg teori med nokre unntak lite brukt, noko som også vart påtala når miljøet og arbeida deira vart vurderte.[135] Dette galdt også bruken av nyinstitusjonell teori, trass i eit velfungerande samarbeid med samfunnsvitarane ved LOS. Her vart det etter kvart eit nærare arbeidsfellesskap.[136] Når samfunnsvitskapleg teori vart nytta, vart denne heller henta andre stader i frå. Mellom anna vart Knut Dahl Jacosen si forsking rundt forholdet mellom forvalting og sentraladministrasjon nytta. Dette galdt særleg Øyvind Grøndahl som tok i bruk Knut Dahl Jacobsens omgrepspar "kontraksjon" og "detraksjon" i sine analysar rundt forholdet mellom departement og direktorat. [137]

Eit hovudfunn hjå forvaltingsforskarane ved LOS var at det hadde skjedd ei aukande politisering av forvaltinga etter 1945. Poenget er klarast utforma i ein artikkel av Grønlie i *Forvaltning for politikk*.[138] Her var målet å kasta lys over korleis innebygde spenningar i forvaltingspolikken blir vedlikehaldne.[139] Slike spenningar vart haldne vedlike trass i ein overgang mot ein meir politisert og reiskapsbyråkratisk forvalting i perioden 1945-1980. Konklusjonen var at det hadde skjedd ein integrasjon mellom politikarar og byråkratar som innebar ei *politisering* av forvaltinga, og som har blitt eit karakteritisk trekk ved det norske styringssystemet etter 1945. Politiseringa skjedde som ledd i ein medviten politikk for å omforma sentralforvaltinga. Mot tesene om politisering og forvaltingspolitikkens betydning for norsk etterkrigshistorie har det vorte innvendt at dei (i alle fall i *Forvaltning*

---

[135] Jf Tom Christensens opposisjonsinnlegg i Grøndahls disputas , og evalueringsrapportane *Ledelse, organisasjon og styring (LOS). Ekstern evaluering av perioden 1987-1991*. Evalueringsrapport 3 – 1992. Noras, "Evaluering av LOS-senteret for perioden 1997-2000" (Einar Lie, Karl-Gustaf Löfgren og Per Arnt Pettersen (2001).
[136] Jf kommentar frå Grøndahl og Grønlie.
[137] Grøndahl 1997, s. 18ff, med referanse til Knut Dahl Jacobsen (1978) (oppr. 1964): *Teknisk hjelp og politisk struktur. En analyse av norsk landbruksforvaltning 1874-1899*, Universitetsforlaget. Jf også Grøndahl og Grønlie (1999), Grønlie (red.) 1999, s. 29-30.
[138] Tore Grønlie (1999): "Forvaltningens politisering – Politikk og utvikling 1945-1980." I Grønlie (red.) (1999). Jf også Grøndahl (1997), s. 27ff. og Tore Grønlie (1998): "Varige spenninger i styrings- og forvaltningspolitikken." I: *Den fragmenterte staten. Reformer, makt og styring,*. Oslo: Makt- og demokratiutredningen 1998.
[139] Han tok her elles utgangspunkt i Dahl Jacobsen si framstilling av forholdet mellom det klassiske byråkratiet og reiskapsbyråkratiet. Sjå Knut Dahl Jacobsen (1960): "Loyalitet, nøytralitet og faglig uavhengighet i sentraladministrasjonen", i *Tidsskrift for samfunnsforskning.*.

*for politikk*) gjev eit for eintydig og samanhengande bilete av utviklinga.[140] I teoretisk-metodisk samanheng er politiseringstesa på si side ein historisk teori der essensen i eit historisk forløp blir spissformulert på ein måte som ligg den historiske syntesa nær. Metodisk viste dette ein rørsle bort frå ein reindyrka kritisk empirisme. Tesa ser ut til å gjelda også lenger framover i tid, noko som gjer syntesepreget enno tydelegare.[141] Både teoribygging og samtidsorientering hadde demed vorte styrka sett i høve til metodeorienteringa på tidleg nittital.

Fellesbidraga til Grøndahl og Grønlie på 2000-talet plasserte også forholda i den norske sentralforvaltinga i ein skandinavisk samanheng, og representerer såleis ei meir komparativ og utoverretta blikk.[142] Metodisk viser også bidraga ei meir strukturorientert tilnærming til forvaltingshistoria enn den tidlegare meir aktørorienterte tilnærminga. Samtidig har diskusjonen av historiske erfaringar i høve til den dagsaktuelle debatten heile tida vore tilstades. Eit nytt trekk i siste del av LOS-tida var derimot ei meir eksplisitt historiografisk orientering, der historieskrivinga rundt den norske forvaltinga heilt tilbake til 1814 vart trekte fram og drøfta i høve til dei lange historiske utviklingslinene.[143] Innlemminga av kommunane som deler av det sentrale styringsverket (Yngve Flo) representerer ei viktig utviding av det forvaltingshistoriske perspektivet. Perspektivet er trekt inn i demokrati- og lokalstyreforskinga ved Rokkansenteret, ei forsking som også inneber komparasjonar med dei øvrige nordiske landa.[144]

## Forvaltingshistoria i perspektiv

Den forvaltingshistoriske forskinga som har blitt utført ved LOS og Rokkansenteret viser korleis feltet har både tematisk, empirisk og teoretisk-metodisk har blitt utvida sidan byrjinga av 1990-åra. Gjennomgangen av bidraga viser korleis forvaltingshistoria som tema for forskingsmiljøet både har blitt utvida periodemessig, ved at tidsspennet for enkeltstudiar har blitt trekt heilt tilbake til Embetsmannstaten og heilt fram til den samtidige debatten, av teoriutvikling og diskusjon opp mot andre teoritradisjonar og litteratur, samt at plasseringa av arbeidet i høvet til overordna historiske debattar hadde blitt viktigare. Dessutan har det kommunale nivået blitt trekt inn og analysert som ein del av det nasjonale styringsverket.

Kva var så dei viktigaste endringane i perspektiv og innretting ved det forvaltingshistoriske miljøet i Bergen? I sum synes der rett å tala om ein glidande overgang frå ei vektlegging av dei rasjonelle, føremålsretta individuelle aktørar til ei sterkare vektlegging av individa som berar av institusjonelle normer og verdiar, som del

---

[140] Jf evalureringsappoten frå 1992 og frå 2001 (sjå note 135 over), s. 9, samt Harald Rinde: "En politisert forvaltning? Tore Grønlie (red.), *Forvaltning for politikk. Norsk forvaltningspolitikk etter 1945"*, i *HIFO-nytt* 5/2000, s. 23-27.

[141] Grøndahl og Grønlie, kommentar.

[142] Grøndahl og Grønlie (2004) og (2005).

[143] Jf særleg Grønlie og Haaland i Grønlie (red.) 1999. Jf også kommentarar frå Grøndahl og Grønlie,

[144] Jf deltakinga i det pågåande forskingsprosjektet "Svensk kommunalpolitikk - konfliktlinjer og normativ basis".

av eit kollektiv. Slik speglar det ei rørsle bort frå opphavsposisjonen innan Vekst og velstand-miljøets feste i den seipske metodologiske individualisme til ei meir kollektivitisk orientert historieforsking, for så vidt i tråd med den samtidige utviklinga innan norsk historieforsking. Samtidsorienteringa vart tidleg markert ved å diskutera historiske erfaringar mot den pågåande reformverksemda i offentleg sektor frå slutten av 1980-talet, og etter kvart vart også dei empiriske arbeida trekt framover mot notida. Ein sterkare innverknad frå samfunnsvitskapleg tenking har også gjort seg gjeldande. Samtidig vart det halde noko avstand til nyinstitusjonalismen som stod sterkt blant samfunnsvitarane ved LOS. Dei forvaltingsorienterte bidraga til Knut Dahl Jacobsen gav derimot i nokon grad eit utgangspunkt for diskusjonar av kva som skapte balansen i forholdet mellom organa i sentraladministrasjonen.

Forvaltingshistorikarane har ei sterk tru på at det kan lærast av historia. Slik deler dei nytteperspektivet til den samfunnsvitskaplege forskinga dei tematisk og institusjonelt har inngått i ved LOS og Rokkansenteret. Samtidig attspeglar forskinga her – som det meste av anna historisk forsking samtida sine behov. LOS og forskinga der tok til i ei tid med stor reformverksemd i offentleg sektor, med særleg søkelys mot behovet for auka effektivitet og konkurrranseevne i offentleg forvalting, ei utvikling som siden heldt fram. Fristillingsproblematikken har heile tida stått sentralt, der det å få "en bedre organisert stat" bygde på sterk politisk og til dels offentleg oppslutnad om fristilling som problemløysing.

Kva så med det forvaltingshistoriske programmet frå byrjinga av 1990-åra? Grønlies utgangspunkt var mangelen på sjølvstendig handsaming av forvaltinga i forskinga om norsk etterkrighistorie, der det som fantes bygde på forklaringar som var for lite underbygde og forankra i konkrete historiske studiar. Dette biletet har dei mange bidraga frå forvaltingshistoriemiljøet endra heilt, særleg for perioden frå krigen og fram til rundt 1980. Utviklinga av sentralforvaltinga i etterkrigstida har blitt analysert frå ulike vinklar, og historiske omgrep og nye teoriar har blitt utvikla (spesielt om fristilling, og om forvaltinga si politisering). Samarbeidet med samfunnsvitarane vart etter kvart også nærare.

Ei anna målsetting var å få fram kva rolle internasjonale impulsar hadde spela i norske reformframstøytar. Internasjonale samanlikningar vart sett på som viktige. Denne ambisjonen synes å ha blitt dempa noko ned. Slike komparasjonar har det vore mindre av, sjølv om det har kome bidrag i denne retninga dei siste åra.[145] Studiane av dei struktuelle spenningane mellom politikk og forvalting som eit særleg viktig felt å studera, har på si side vore sterkt i sentrum for interessa, særleg knytt til fristillingsproblematikken og forholdet mellom fridom og styring. For forvaltingshistorikarane i Bergen ser ambisjonane frå byrjinga av 1990-åra langt på veg ut til å ha blitt realiserte, samtidig som felt og tilnærmingsmåtar har utvikla seg.

---

[145] Jf bidrag frå Grøndahl og Grønlie om forholda i Norden, samt Flos arbeid. Den internasjonale dimensjonen vart etterspurt i den første evalueringa av LOS (1991), jf note 135 over). Rinde (2000) peika også på at forskinga i *Forvaltning for politikk* kunne førast vidare gjennom internasjonale samanlikningar.

# 5. SEFOS og LOS – historieforskinga elles

Ved sida av arbeidslivshistorie og forvaltingshistorie finn vi ei rekkje meir tematisk frittståande bidrag og prosjekt frå SEFOS og LOS med historisk karakter. Fleire av desse representerer godt historikarhandverk som i tillegg viser framover til tema som skulle bli sentrale for den seinare historiske forskinga ved Rokkansenteret.

## Historisk orientert lokal- og regionalforsking

Ved SEFOS kom det også i gang regionalt orientert forsking med historisk karakter. Denne skjedde for det første i forlenginga av arbeidslivsforskinga. Dette omfatta område som hadde blitt undersøkt i tilknyting til NAVF-prosjektet om humanistisk orientert arbeidslivsforsking i første del av åttiåra, men også tema frå prosjektet om omstilling av verftsindustrien på Vestlandet. For det andre kom det i gang forsking i samarbeid med opprettinga av Vestnorsk Kulturakademi på Voss, som vart til i 1996. Deler av forskingsarbeidet og kunnskapsopparbeidinga der fann stad ved SEFOS. Studiar av dei industrielle forholda og næringssamanhengane i Sunnhordlandsområdet var her særleg viktige.[146] Industrielle nettverk og konsernsamanhengar kom til å stå i sentrum for meir regionalt orienterte studiar. Men her finn vi også etnologen Eldbjørg Fossgards avhandling om kvinnene på vestnorske gardsbruk.[147] Arbeidet bygde delvis på tilfang frå prosjektet om Humanistisk orientert arbeidslivsforsking, og tok kvinne- og kjønnsperspektivet i forskinga rundt forholda i norsk landbruk. Kva arbeid som vart utført av kvinner, deira posisjon i arbeidet og haldningane til gardsarbeidet blant bondekvinnene vart utgreidd og analysert gjennom studiar frå Hå, Stord og Voss. For Stords vedkomande vart forholda også sett i høve til utviklinga frå 1930 og fram til 1990.

Tre prosjekt var knytte til Vestnorsk kulturakademi.[148] Hundreårshistoria om ungdomslaget på Bordalen på Voss viste laget som ein del av framveksteren av frivillege organisasjonar knytte til dei store folkerørslene. Hjørdis Grove og Knut Grove gav oppkomsten av laget i stordomstida for ungdomslagsrørsla særleg merksemd, medan lagsliv og endringar i oppgåver vart følgt vidare gjennom dei hundre åra. Forholdet til grend, bygd og mororganisasjon og rørsle påverka måten organisasjonen vart forma og

---

[146]Jan Heiret: *"Konserndannelser i Sunnhordlands-industrien"*. AHS Serie B 1997-3, og Knut Venneslan: *"Industriutvikling i Sunnhordland 1990-1996/97: rapport fra prosjektet "Arbeid for sysselsetting i Sunnhordland""*, AHS Serie B 1997-4.

[147] Eldbjørg Fossgard (1996): *Frå lagnad til val. Kvinneliv på vestnorske gardsbruk 1930-1990.* Jærmuseet.

[148] I tillegg til dei to bokprosjekta som er kommentert, hadde Hege Madsen eit innsamlingsprosjekt knytt til matkultur på vestlandskysten (Tradisjonsfisk).

kom til å fungera på.[149] Spørsmålet om folkedanning og kulturelle særdrag vart også tematisert. Saman med opparbeidinga av kunnskap i tilknyting til dei nye fag, gav bordalsstudia utgangspunktet for artiklar som tok opp lokal-regionale forhold.[150] Boka *Kvardagsminne* vart til på bakgrunn av innsamla intervjumateriale frå folk i Eidfjord i Hardanger med vekt på tida 1900 til 1950.[151] Kulturhistoria til folkloristane Eva-Marie Tveit og Line Ytrehus synleggjorde livet og livsvilkåra i ei hardangerbygd ramma inn av høgfjell og fjord og med stor variasjonsbreidd. Arbeida om Bordalen og Eidfjord attspegla inntaket til studiane ved VKA der vestnorsk kultur, tradisjon og handverksformidling stod sentralt i studia. VKA hadde eit fagleg samarbeid med Institutt for kulturformidling og kunsthistorie ved UiB, der dei to folkloristane og dei andre fagleg ansvarlege for studietilboda ved VKA vart tilknytta.[152]

## Biografi, handikap og ernæring som historiske tema

I Elisabeth Haavets biografi om Nina Grieg blir Ninas liv sett i høve til spenningsforholdet mellom på den eine sida å vera Edvard Griegs kone – ei kunstnarhustru – og på den andre sida å sjølv vera kunstnar, som ei betydeleg sangarinne. [153] Haavet viser her korleis Nina gjennom livet med Grieg både vart løfta fram i lyset og plassert i skuggen av han. Gjennom Edvard Grieg-resepsjonen hadde denne skuggen vorte enno mørkare. Nina måtte dermed for det første trekkast fram i lyset og bli gjort synleg som den personen ho var for samtida si, for mannen og for kunsten sin. For det andre galdt det å få fram korleis Edvard og Nina Grieg var kunstnarlege samarbeidspartnerar. Filtera fortida, Edvard Grieg, Nina sjølv og dei som lever i dag har skapt eller har, og som Nina Grieg blir sett gjennom, måtte dermed trengast gjennom. I tillegg til biografien, skreiv Haavet også ei drøfting av biografigenren som bidrag til historisk forståing og historieformidling som ein del av arbeidet med å gjera framstillinga til eit avhandlingsarbeidet. Dette resulterte i at biografien om Nina Grieg vart den første personbiografien som har blitt vurdert ei historisk avhandling. Biografien kom på eit tidspunkt som gjorden den til ein del av ein vidare debatt rundt den historiske biografien som sjanger, der både biografien og livet som narrativ og vurderinga av kor grensene for korleis eit liv kunne og burde skildrast vart diskutert.[154] Haavet var elles ein sentral bidragsytar til den velferdshistoriske forskinga ved SEFOS, først gjennom trygdehistorien som vi har omtalt, så gjennom arbeidet med jubileumsskriftet for Statens Ernæringråd

---

[149] Hjørdis Grove og Grove, Knut: *Ung og frilyndt gjennom hundre år. Historia om Bordalen ungdomslag 1895-1995.* Bordalen (laget)/Voss 1996.

[150] Grove, Hjørdis J. og Grove, Knut: ""Alt da nye kjem liksom ein straum veltande inn på ein..." Opplysning, danning og frilyndt ungdom i ei omveltingstid." I: *Historie. Populærhistorisk magasin.* Nr 2, 1997. Grove, Knut: ""'…mange særdeles kundskapsrige mænd". Eit utsyn over folkedanninga i vossabygdene." I: Syn og Segn 1/00.

[151] Eva Marie Tveit og Line Ytrehus (1997): *Kvardagsminne. Eidfjord 1900-1950.* Eidfjord kommune.

[152] I første rekke Ingmar Meland, Knut Grove og Eldbjørg Fossgard.

[153] Inger Elisabeth Haavet (1998): *Nina Grieg. Kunstner og kunstnerhustru.* Aschehoug.

[154] Som del 2 i avhandlinga, jf Inger Elisabet Haavet (1997): *Nina Grieg - kunstner og kunstnerhustru.* Dr.philos-avhandling, Universitetet i Bergen.

saman med Kari Tove Elvbakken og medisinaren Grete Botten (Senter for helseadministrasjon ved Universitetet i Oslo).[155]

Av andre historisk orienterte bidrag finn vi statsvitararene Jan Froestad og Bodil Ravneberg (1991) si jubileumsbok for Norges Handikapforbund.[156] Her vart dei seksti åra til Handikapforbundet skildra. Framstillinga viser korleis organisasjonen endra seg frå å vera ein institusjonseigar til å bli ein moderne interesseorganisasjon og nærast ei fagforeining for funksjonshemma. Informasjon og rådgjeving overfor medlemene vart stadig viktigare, samt det å skapa gode sosiale miljø. Skilnadene lokalt og regionalt vart presiserte, i ein organisasjon med lokallag som hadde ulike funksjonar og fungerte på forskjellige måtar rundt om i landet. Rollene til organisasjonen som advokat – både i direkte og overført tyding - eller "vaktbikkje" overfor offentlege styresmakter blir framheva i tillegg til den som identitets- og miljøskapar.[157] Utover å vera ein organisasjonshistorie skriven av to statsvitarar, kopla ho også perspektiv knytt til så vel Dahl Jacobsen som velferdsstatsforskinga.[158] Framstillinga var med på å danna grunnlaget for ei vidare satsing på forsking rundt funksjonshemming ved SEFOS og seinare Rokkansenteret.. Her hadde likevel prosjektet "Yrkeshemmedes forhold til utdanning og arbeid i de nordiske land" som kom i gang i 1988 og var leia av Jan Froestad og Knut Dahl Jacobsen, vore utgangspunktet.[159] Eit anna inntak til velferdsstatsforskinga fann stad i tilknyting til Stein Kuhnle ved Institutt for samanliknande politikk. Ved SEFOS skjedde dette mellom anna i samarbeid med Rune Ervik som kom med bidrag knytt til trygde- og skattesystema som ein del av grunnlaget for velferdsstaten.[160] Forholdet mellom arbeidsmiljø og sjukdom i historisk perspektiv vart også tematisert av ein annan av statsvitarane i AHS-miljøet, Martin Bernsen.[161]

Ein eksplisitt historisk dimensjon hadde også Kari Tove Elvbakkens avhandling om næringsmiddelkontrollen.[162] Elvbakken såg her på framvoksteren av

---

[155] Inger Elisabeth Haavet; i samarbeid med Grete Botten og Kari Tove Elvbakken: *Maten på bordet – 50 år med Statens ernæringsråd.* Statens Ernæringsråd 1996. Haavet var likevel i første rekke orientert mot kjønnshistorie som felt.

[156] Jan Froestad og Bodil Ravneberg (1991): *Fra veldedighet til rettighet. Norges Handikapforbund 60 år 1931-1991.* Forbundet.

[157] Froestad og Ravneberg (1991), s. 387-388.

[158] Anne-Lise Seip var også trekt inn i prosjektet som konsulent, jf forord s. 4.

[159] Her vart Ingrid Helgøy, Marit Helgesen og Per Solvang rekrutterte. Jf fororda hjå Ingrid Helgøy (1997): *Den institutsjonsbaserte attføringen i Skandinavia. Diagnostisering, arbeidsformidling og samtaleterapi.* Adm.Org/UiB 1997, .og Marit Helgesen (1997): Attføring – en tjeneste i velferdsstaten. Adm. Org, Rapport nr 56 (dr. art-avhandling), s. 1-2.

[160] Ervik, Rune (1998): *The hidden welfare state in comparative perspective: a study of tax expenditures and social policy in eight countries.* Sluttrapport for prosjektet "Den usynlige velferdsstaten: Fiskal velferd og skatteutgifter i komparativt perspektiv.": SEFOS og Ervik, Rune; Kuhnle, Stein (1996): The Nordic Welfare Model and the European Union.. I: *Comparative Welfare Systems. The Scandinavian Model in a Period of Change*: MacMillan Press Ltd., London.

161Martin N. Bernsen (1986): *"Hvad industrien forbruger af menneskelig sundhed, .." : fra yrkessykdommers lidelseshistorie i et arbeidervernsystem og en profesjonsformasjon.* H. fagsoppgave i administrasjon og organisasjonsvitenskap -Universitetet i Bergen, 1986 og Martin N. Bernsen (1991): "Arbeidsmedisinens plass i arbeidervernet", (manus, upubl.), Senter for samfunnsforskning.

[162] Kari Tove Elvbakken: Offentlig kontroll av næringsmidler. Institusjonalisering, apparat og tjenestemenn. Adm. Org/SEFOS/UiB 1996.

næringsmiddelkontroll som forvaltingsfelt i Noreg med vekt på legitimiteten til ordninga og aktørarne der, på den aktuelle utøvinga av kontroll med vekt på det kommunale apparatet og tenestemennene der, og til slutt på forholdet mellom framveksten av næringsmiddelkontroll som forvaltingsfelt og verksemda til apparatet og tenestemennene på 1990-talet. I tillegg til å vera det første bidraget innan dette feltet, førte avhandlinga også vidare perspektiv frå Dahl Jacobsen knytt til forholdet mellom brukarar og forvalting (til dømes "kyndighet" og "myndighet" som sentrale omgrep knytt til kompetansen innan eit forvaltingsområde).[163] Framstillinga om næringsmiddelkontrollen vart også eitt av utgangspunkta for den seinare helsehistoriske satsinga ved Rokkansenteret.[164] Eit siste bidrag som høyrer med her, var ein artikkel av Jan Heiret basert på prøveforelsinga hans, der han gjekk gjennom og diskuterte den historiske profesjonsforskinga i Noreg.[165]

## LOS: Etterkrigshistorisk register og management-historie

Rundt 1990 vart det sett i gang eit omfattande arbeid for å få oversikt over den historiefaglege forskinga rundt norsk etterkrigshistorie – "Etterkrigstida som historisk forskingsfelt". Sentrale norske historikarar supplert med nokre samfunnsvitarar gjekk gjennom forskinga innan sine spesialfelt. Grønlie var den drivande krafta i eit arbeid som vart koordinert av ei gruppe der Grønlie frå LOS saman med samfunnsvitaren, hadde selskap av ei rekkje historikarar med norsk etterkrigshistorie som spesiale.[166] Det var i første rekke det såkalla Vekst og velstand-miljøet som var representert. Så var då også mangelen på forsking om norsk etterkrigshistorie tematisert i boka som gav miljøet namn: det heitte der at det eksisterte "en forholdsvis stor samling detaljstudier i form av hovedoppgaver og artikler. Noen mer sammenhengende og omfattende fremstilling av norsk etterkrigshistorie foreligger ikke trykt." Siktemålet med Vekst og velstand hadde såleis nettopp vore å koma i møte med eit behov for oversiktsframstillinger over etterkrigstida si norske historie.[167] Etterkrigshistorisk register vidareførte i praksis denne målsettinga. Den store forskingslitteraturen rundt norsk etterkrigshistorie som hadde blitt opparbeida sidan forskinga som sprang ut av Magne Skodvins miljø i siste halvdel av 1960-åra, måtte systematiserast. Det som då var nye tema utan eksisterande litteratur eller bibliografiar hadde i løpet av dei rundt 25 åra vakse til å bli "en uframkommelig jungel" med behov for skilt og vegvisarar.[168] Det samla omfanget på dei 23 temaheftene med 29 ulike forfattarar var nesten 1000 sider, der rundt tre fjerdedelar av plassen var nytta til å

---

[163] Knut Dahl Jacobsen: "Informasjon og likebehandling i den offentlige virksomhet". I *Tidsskrift for samfunnsforsking*, 6/1965.

[164] Jf her også Kari Tove Elvbakken; Svanaug Fjær; Thor Øivind Jensen (red.) (1994): *Mellom påbud og påvirkning. Tradisjoner, institusjoner og politikk i forebyggende helsearbeid.* AdNotam.

[165] Jan Heiret (2003): "Profesjoner og profesjonsbegrepet i norsk historieforskning." *Historisk Tidsskrift* 2003/3.

[166] Dei andre i arbeidsgruppa var Helge Pharo, Even Lange, Trond Bergh og Knut Einar Eriksen.

[167] Bergh og Pharo, s. 8.

[168] Tore Grønlie til *Forskning,* nr 5-1994, "Veiviser i norsk etterkrigshistorie"

skildra og analysera fagleg utvikling, medan resten omfatta referansar til dei meir enn 5000 titlane som vitna om voksteren i denne forskinga i perioden. Dette var samtidig eit billig arbeid, i hovudsak uløna utført på dugnad og berekna til å ha utgjort rundt seks årsverk. Målet var registeret skulle bidra til å auka kvaliteten i forskinga både i historie og samfunnsfaga. Prosjektet vart avslutta i 1994.

*Etterkrigshistorisk register* representerte eit stort og viktig arbeid. I ettertid har det likevel blitt peika på at registeret nokså einsidig var orientert mot politisk-institusjonell historie – i forlenginga av programmet til forskingsmiljøet som starta forskinga rundt etterkrigshistoria. Men annan forsking som kom i gang ikkje lenge etter, glimrar stort sett med sitt fråver. Dette gjeld mellom anna sosialhistorie og kulturhistorie (med mellom anna arbeidslivsforsking som eit unntak). Det var i hovudsak i grensesnittet mot samfunnsfag som statsvitenskap og økonomi innrettinga var lagt, medan dei delene av historiefaget som søkte samkvem med antropologar, sosiologar, etnologar eller litteratur og språk mangla.[169] Jan Eivind Myhre har halde fram at innrettinga representerte Dahl og særleg Seips politisk-institusjonelle historie, knytt til dei som vart utdanna før historiefaget endra retning i meir sosialhistorisk lei frå byrjinga av syttitalet.[170] Etterkrigshistorisk register oppfylte i første rekke ambisjonane til den første generasjonen som studerte tida etter krigen. Med registeret var arbeidet for den politisk-institusjonelle historia slik den vart formulert på sekstitalet sluttført, men altså utan i særleg grad å ta med dei nye temaene om etterkrigstida som hadde blitt utvikla etter at Skodvin og hans elevar tok fatt.

Ved LOS-senteret var leiingsforskinga til samfunnsvitaren Haldor Byrkjeflot også klart historisk orientert.[171] Leiingsforskinga hang på den eine sida saman med målsettingane for LOS om å forska på leiing og styring, men kan også sjåast som eit framhald av leiingsprosjektet Knut Dahl Jacobsen og Olav Korsnes (MORAL) hadde stått i spissen for i siste halvdel av 1980-talet, og som utgjorde eit av utgangspunkta for arbeidslivsforskinga ved AHS. For Byrkjeflot var dei to artikkelsamlingane *Fra styring til ledelse og The democratic challenge to capitalism. Management and democracy in the nordic countries* saman med avhandlinga hans dei viktigaste bidraga i LOS-tida.[172] I artikkelsamlingane samarbeidde han med ei rekkje historikarar og samfunnsvitarar frå dei nordiske landa. På norsk side samarbeidde han særleg med Senter for Teknologi og menneskelige verdier (TMV-senteret) i Oslo (jf om Oslo-delen av LOS over). *The Democratic Challenge to Capitalism* var såleis resultatet av prosjektet *Industriledelse og samfunnsutvikling i Norden* som

---

[169] Jan Eivind Myhre: "I historiens hus er det mange rom". I *Historisk Tidsskrift* 1-2, 1996.

[170] Koplinga mot Seip synest her å strida mot den historiografiske plasseringa Sejersted (1993) gjev miljøet i framhaldet av Steen, og må uansett gjelda Seips metodiske program og ikkje hans utlegging av etterkrigshistoria, som har blitt til dels skarpt kritisert både av Vekst og velstands politiske historikarar og av forvaltningshistorikarane.

[171] *Jf* hovudoppgåva: Haldor Byrkjeflot (1989): *From telephone operators to "work station professionals"? : technological change and dilemmas of control in the United States telecommunications industry*, AHS serie A 1989:1 (Oppr. hovudoppgåve i administrasjon og organisasjonsvitenskap, -Universitetet i Bergen 1988).

[172] Haldor Byrkjeflot (red.) (1997): *Fra styring til ledelse*, Fagbokforlaget og Haldor Byrkjeflot et. al (etd.) (2001): *The Democratic Challenge to Capitalism.Management and Democracy in the Nordic Countries*. Fagbokforlaget.

formelt var leia av Francis Sejersted frå TMV.[173] *Fra styring til ledelse* tok for seg historiske og institusjonelle betingelsar for leiing, bedriftsrådgivarane si rolla innan leiing, nye leiingskonsepter, leiing og profesjonsstrategi og leiing og demokrati. Sjølve tittelen viste til at politikere og leiarar i stadig mindre grad gav uttrykk for ambisjonar om overordna samfunnsstyring og økonomisk planlegging, og heller ville bruka leiing og målstyring i forsøka sine på å påverka økonomisk og sosial utvikling. *The democratic challenge to Capitalism* tok utgangspunkt i det politiske systemet i Norden som eit uttrykk for ein "tredje veg". I dei nordiske landa er demokrati basert på eit politisk kompromiss mellom leiing og arbeidarar, som er institusjonalisert gjennom ein kultur basert på forhandlingar og gjensidige tilpasningar. Samtidig er det også store skilnader landa i mellom, som mellom anna kom til uttrykk gjennom ein demokratisk kapitalisme i Noreg, ein småborgarkapitalisme i Danmark, ein sterkare industrikapitalisme i Sverige og ein finsk kapitalisme der partane stod lengre frå kvarandre. I avhandlinga såg Byrkjeflot på forholdet mellom modernisering og leiing, der han tok for seg skilnaden i leiingsideal i Tyskland, USA og Noreg.[174]

[173] Jf s. 13 over om opprettinga av LOS.
[174] Haldor Byrkjeflot (1999): *Modernisering og ledelse. Om samfunnsmessige betingelser for demokratisk lederskap.* LOS-senteret, rapport9905 (dr. polit-avhandling).

# 6. Rokkansenteret: kontinuitet og temautvikling[175]

Historieskrivinga ved Rokkansenteret følgte opp tradisjonane frå SEFOS og LOS-forskinga. Samtidig endra som vi har sett rammene for arbeidslivs- og forvaltingshistorie seg, og nye tema for historisk forsking kom opp eller vart vidareutvikla. Ved også å ta med prosjekt historikarar ved Rokkansenteret har arbeidd med utanfor rammene til senteret, kjem breidda i den historiefaglige kompetansen til historikarane tydeleg fram. Temaene er her samla under to hovudoverskrifter som Lokal og regional orientert historie og Helse- og medisinhistorie, medan Modernisering og nasjonalstat er ein merkelappe for eit knippe prosjekt der ulike samfunnstrekk som kjønn, undervisning og identitet har vorte analysert i høve til likskapar og skilnader mellom ulike nasjonalstatar, inkludert Noreg.

## Lokal og regional orientert historie

Arbeidet til Martin Byrkjeland og Morten Hammerborg om vann- og avløpsetaten i Bergen (2005) hadde byen som ramme. Her vart 150 års arbeid for å skaffa byen nok – og godt - vatn og utbygginga av vatnsystemet og etter kvart avløpssystemet skildra gjennom historia til denne sentrale institusjonen i byens infrastruktur Etatens og dermed byens sentrale aktørar med byingeniørane i spissen hadde si sjølvsagte plass i framstillinga. Samtidig vart det lagt vekt på å få fram kva dei ulike tiders vatn- og avløssystem hadde hatt å seia for utviklinga av byen og kvardagen til dei som har budd i han. Arbeidet hadde dermed også ein klar teknologihistorisk og sosialhistorisk dimensjon. Vatn- og avløpssystem har vore med på å forma og prega utsjåanaden til byen, slik ei rekkje døme frå dagleglivet til folk frå ulike lag og deler av byen viser - frå fontenar og andre vassinnstallasjonar til vatn til hestane i byen og for å sikra byen mot brann. Det vart også lagt vekt på forholdet mellom vannsystem og næringsliv. Framstillinga viste dessutan korleis samtida brutalt kan bidra til å endra forståinga av fortida: med Giardia-epidemien som siste hending rett før ferdigsstilling, vart spørsmålet om vannkvaliteten til byen meir påtrengande.

I Morten Hammerborgs arbeid om Haugesund som skipsfartsby (2003) var det reiarane og reiarlaga i byen som vart omhandla.[176] Boka vart til som ein del av arbeidet med byhistoria for Haugesund, der Øyvind Bjørnson stod sentralt som prosjektleiar og hovudforfattar.[177] Hammerborg tok utgangspunkt i reiarane, vala dei hadde stått overfor,

---

[175] I hovudsak blir historiske arbeid frå 2005 og tidlegare kommenterte.

[176] Morten Hammerborg (2003): *Skipsfartsbyen. Haugesunds skipsfartshistorie 1850-2000.* Eide Forlag.

[177] Øyvind Bjørnson (2004): *Dei trødde sjøen. Haugesund 1914-1950.* Vigmostad & Bjørke.

og måten dei manøverte på i høve til marknadsutviklinga. Dette vart knytter til reiarane som bidragsytarar til Haugesunds historie meir enn som ein del av norsk skipsfartshistorie. Bytilknytinga gjorde det dessutan mogleg å ta opp andre forhold enn dei reint økonomiske (som forholda for sjøfolka om bord), men opna særleg for å gå inn på konstellasjonane mellom dei ulike reiarane og deira aktivitetar. Byen danna her ramma for ei detaljert og svært konkret nettverksstudie av skipsfart som økonomisk aktivitet.

I bygdeboka for Arna (2004) viste Svein Ivar Angell endringane arnabygda gjekk gjennom i tida frå 1840 og fram til innlemminga i Bergen i 1972.[178] I framstillinga vart Arna si historie sett i lys av utviklingsdrag ved samfunnsutviklinga elles, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Bygdeboka kan såleis sjåast som ei nærstudie i framhaldet av Angell sitt arbeid med moderniseringsprosessane i Noreg og Sverige i avhandlinga (sjå under). Boka vart delt inn i fire periodar, som så varte tematiserte gjennom dei viktigaste næringsvegane (industri og jordbruk), politiske forhold, organisasjonsutvikling, demografiske endringar og med eit særleg blikk på endringane i kommunikasjonssystemet og forholdet til byen. Det vart lagt særleg vekt på korleis bygda fekk eit særpreg ved både å vera eit jordbruks- og eit industrisamfunn. Boka endar med å karakterisera bygdekulturen, forholdet til byen, og til slutt inngangen i Bergen som ein del av den nye storbykommunen.

I ein artikkel om konsesjonsforholda for Tyssefallene i Hardanger viste Angell korleis eit lokalhistorisk orientert inntak kunne nyttast i handsaminga av nasjonale forhold. Det galdt her etableringa av konsesjonslovene (1907) og korleis desse og dei seinare endringane i politikken rundt kraftforsyninga kom til å spela inn for etableringa av ei utbygging som gjorde opprettinga og vidareføringa av smelteverksindustrien i Odda mogleg.[179] Angell skreiv saman med Knut Grove og Per Selle om folkerørslene og det frivillege organisasjonslivet på Vestlandet i *Vestlandets historie* (2006).[180] Trebindsverket om Vestlandet representerte ein stor innsats frå ei rekkje historikarar og andre forskarar frå dei fleste utdannings- og forskingsinstituasjonane på Vestlandet, med Knut Helle som hovudredaktør. Det at verket kom på dette tidspunktet, viste både til eit ønske frå næringsliv og politikarhald om ei sterkare vekt på det vestnorske, og til ei aukande interesse for distrikts- og regionalhistorie som forskingsfelt det siste tiåret.[181]

## Helse- og medisinhistorie

Forsking på helse voks fram som eit satsingsområde ved Rokkansenteret, med helse- og medisinhistorie som ein viktig del. Helseforskinga var delvis eit framhald frå SEFOS,

---

[178] Svein Ivar Angell (2004): *Arna bygdebok. Bygd nær byen. Band II.* Vigmostad & Bjørke.

[179] Svein Ivar Angell: "Aktieselskabet Tyssefaldene og konsesjonsspørsmålet", I: JGravdal, Jan og Vidar Våde (2006): *Tyssefaldene. Krafttak i 100 år. 1906-2006.* Tyssedal.

[180] "Folkerørsler og frivillige organisasjonar". Kapittel 7 i Knut Helle (red.) (2006): *Vestlandets historie. Samfunn.* Bind 2. Vigmostad & Bjørke.

[181] Prosjektet var finansiert av Sparebanken Vest. Interessa for å styrka Vestlandet som region har vore oppe i fleire samanhengar. Verk om Agders historie, Trøndelags historie og Nord-Norges historie dokumenterer på si side interessene for forskarhald og ålmente.

delvis resultatet av eit initiativ frå HF-fakultet og Medisinsk Fakultet. Fakulteta ønskte her ei koordinering og vidareføring av det eksisterande arbeidet med medisinhistorie i Bergen. Opprettinga av ei arbeidsgruppe for dette feltet i 2002 med historikarane Astri Andresen og Tore Grønlie saman med Kari Tove Elvbakken, var eitt av uttrykka for denne satsinga.[182] Samtidig hadde historiske og kulturelle dimensjoner ved sjukdom og helse hatt ein viktig plass i den fleirfagleg orienterte gruppa Helsekameratene, som i 1998 vart til med SEFOS som utgangspunkt.[183] I tillegg til statsvitarar, sosiologar og samfunnsmedisinarar var det med folkloristar frå IKK, og Ida Blom frå Historisk institutt. Svein Atle Skålevåg kom etter kvart inn som stipendiat i historie.

Det meste av medisin- og helsehistoria vart samla i prosjektet *Sykdomsbekjempelse i spenningsfeltet mellom forebygging og behandling. Norge i komparativt perspektiv 1800-2000".*[184] Prosjektet tek for seg kampen mot sjukdom i spenninga mellom førebygging og behandling. Det vart stilt spørsmål om kva som var det beste for fellesskapen og for individet, og om forholdet mellom kontroll og hjelp. Kva strategier som vart valde på helseområdet vart sett i nær samanheng med økonomi, vitskap og kunnskap. Studiane fann stad innan tre område: kampen mot dei smittsame sjukdomane, barnedød og barnehelse og til sist institusjoner og institusjonalisering. Til saman skulle dette gje grunnlag for å seia kva som har vore utslagsgjevande for valet av strategiar i kampen mot sjukdom dei siste 200 år, og for å kunna analysera resultata av politikken som vart ført. I tillegg til Andresen, Grønlie og Skålevåg kom Morten Hammerborg og Elisabeth Koren til prosjektet som stipendiatar, Teemu Rymin som post-doc-stipendiat, i tillegg til hovudfags- og masterstudentar.[185] Den internasjonale dimensjonen og kontakten ved forskinga har vorte vektlag, og har mellom anna gjeve seg utslag i ei rekkje "works-shops". Leprahistorie har vore eit anna samarbeidsområde.[186] Prosjektet har resultert i ei rekkje publikasjonar med utgangspunkt i denne deltakinga.[187]

I prosjektet vart det nytta perspektiv frå sosial-, kunnskaps- og kulturhistorie, saman med demografiske studiar og meir politisk orienterte tilnærmingar med eit forvaltingshistorisk inntak. To døme kan illustrera spennvidda. Den forvaltingshistoriske orienteringa har gått inn på sjukehusa si plassering og rolle i høve til nivåa i den offentlege

---

[182] " Nytt forum for medisinhistorie"– *forskning.no*, 13.des 2002 og kommentar frå Tore Grønlie.

[183] Sjå Malterud, Kirsti, Kari Tove Elvbakken og Per Solvang (2005): *Sunnhet og sykdom i kulturelt perspektiv. Bidrag fra Helsekameratenes avslutningsseminar*, Rokkansenteret 2005, rapport 12.

[184] Jf Rokkansenteret si heimeside http://www.rokkansenteret.uib.no/projects/?/$present&id=131

[185] Hammerborg kom inn frå andre historiske felt, jf over. Elisabeth Koren (2003): *"En Trusel for selve Samfundene": venerisk sykdom: tiltak, medisinsk forståelse og moraldebatt i Norge, 1880-1927*, h. fagsoppgave i historie, Universitetet i Bergen. Ryymin, sjå bidrag hjå Malterud, Elvbakken og Solvang (2005): "Formaningens former i et flerspråklig område. Opplysningsarbeid mot tuberkulose i Finnmark" som viser tema og innretting på post doc-arbeidet.

[186] Kommentar frå Tore Grønlie. Samarbeidet om leprahistorie har skjedd via Lepramuséet i Bergen.

[187] Jf fleire rapportar frå prosjektet: Andresen, Astri; Kari Tove Elvbakken and Tore Grønlie (2005): *Politics of Prevention, Health Propaganda, and the Organisation of Hospitals 1800-2000.* Bergen. Rapport - Rokkansenteret; 10-2005; Andresen, Astri; Tore Grønlie and Svein Atle Skålevåg (2004): *Hospitals, patients and medicine 1800-2000. Conference Proceedings.* Bergen. Rapport - Rokkansenteret; 6; Andresen, Astri; Teemu Ryymin, and Tore Grønlie (2006): *Science, Culture, and Politics. European perspectives on Medicine, Sickness and Health.* Conference Proceedings. Bergen: Stein Rokkan Centre for Social Studies.

forvaltinga, mellom organisasjons- og styringsreformene i sektoren etter 1970. Tore Grønlie har i ei fleire artiklar teke for seg den forvaltingshistoriske dimensjonen ved forvaltinga av sjukehussektoren, som her representerer ei ny side ved det statlege reformarbeidet. Han har også gjort ei komparativ studie av organiseringa av helsesektoren i Storbritannia og Noreg.[188] Han har her også samarbeidd med ATM-prosjektet og Haldor Byrkjeflot.

Svein Atle Skålevåg la på si side eit kunnskapshistorisk inntak til grunn.[189] Han skreiv i avhandlinga si om om endringane i synet på sinnsjukdom som vitskap i tida 1870-1920. Kjerneomgrepa i avhandlinga var diskurs, makt og medikalisering. Tekstane som vart omhandla, i første rekke dei psykiatriske journalane og rettserklæringane, vart sett på som reiskapar for ein spesiell diskurs. I denne diskursen kom psykiatarane sin språklege praksis til uttrykk og vart knytte til sinnsjukeasylet og retten som praksisområde. Skålevåg viste korleis sinnsjukdom gjekk frå å vera ein forholdsvis enkel definert sjukdomstilstand for psykiatrien, til å vera ein tilstand der det å trekka grensene mellom frisk og sjuk vart stadig vanskelegare. Slik endra også psykiatrien seg frå å vera ein vitskap om ei spesifikk sjukdomsgruppe til å gå mot å vera ein sjukdom som handla om kunnskap om det normale.

*ATM- Autonomy, Transparency and Management*, leia av Haldor Byrkjeflot, låg også i grenselandet til helse- og medisinhistorie. ATM-programmet skal studera endringsprosessr i det norske helsevesenet i eit komparativt nordisk og internasjonalt perspektiv og vurdera konsekvensane endringane har for kvaliteten på tenestane, effektiviteten og legitimiteten til helseforetaka. Her vart deler av forskinga til Byrkjeflot ved LOS følgt opp og sett inn i eit større prosjekt med ei rekkje master- og phd-studentar.[190] Den historiske fundementeringa av prosjektet førte til at fleire historikarar var inne i prosjektet, noko som mellom anna resulterte i ein felles artikkel av Byrkjeflot og Grønlie om det regionale helseforetaket.[191] Svein Ivar Angell og Eirinn Larsen har såleis også vore knytta til prosjektet som historikarar.

## Modernisering og nasjonalstat

Historikarane ved Rokkansenteret har ein breiare bakgrunn enn prosjektporteføljа deira ved senteret tilseier. Nokre av bidraga kan trekkast fram for å visa breidda og potensialet for til historikarane ved senteret. Dette representerer tema som (delvis med unntak av kjønnshistorie) i liten grad har vorte følgt opp gjennom vidare prosjekt med Rokkansenteret som ramme. Eitt av arbeida fann stad ved Rokkansenteret, eitt vart

[188] Grønlie, Tore (2005). "Hospital Sector Structure and Organization in Britain and Norway - Contributions Towards a Comparative Study." I: *Politics of Prevention, Health Propaganda, and the Organisation of Hospitals 1800-2000.* Grønlie, Tore (2006). "Norwegian general hospitals, 1970-2002: County ownership - An interlude between welfare localism and state direction". *Medical history* 2006.

[189] Skålevåg, Svein Atle: *Fra normalitetens historie. Sinnsykdom 1870-1920.* Rokkansenteret, rapport 10, 2003 (oppr. dr.art-avhandling i historie, Universitetet i Bergen, 2003).

[190] Sjå heimesidene til Rokkansenteret, http://www.rokkansenteret.uib.no/projects/?/$present&id=92

[191] Byrkjeflot, Haldor og Tore Grønlie (2005):"Det regionale helseforetaket - mellom velferdslokalisme og sentralstatlig styring." I: *Helse-Norge i støpeskjeen. Søkelys på sykehusreformen.* Bergen: Fagbokforlaget.

ferdigstilt her, medan tre andre vart til utanfor. Felles for desse arbeida var at dei tok opp breie og komparative tema og tilnærmingar. Dei representerer også ein grunnkompetanse hjå forskarane som kan gje opphav til nye tematiske problemstillingar eller innfallsvinklar, kanskje særleg teoretisk-metodisk. Særleg den komparative og internasjonale dimensjonen ved prosjekta må her framhevast.

NFR-prosjektet *Forretning, forvaltning og folkestyre* vart til på bakgrunn av erfaringane Knut Grove og Jan Heiret hadde frå arbeidet med den kommunale bedrifta Fana Steinknuseverk.[192] Forholdet mellom forretning og styring i kommunale bedrifter i utvalde norske og skandinaviske byar skulle undersøkast. Forholdet mellom dei historiske erfaringane og dei endringane kommunal forretningsdrift hadde gått gjennom frå byrjinga av 1990-åra i norske, svenske og danske bykommunar skulle særleg undersøkast. Prosjektet drog også vekslar på erfaringar frå forvaltingsforskinga ved LOS, med utgangspunkt i parallellane mellom statleg og kommunal sektor der dilemmaet mellom offentleg forretningsdrift og val av organisasjonsmodellar stod sentralt.

Hans Kristian Mjelva ønskte med avhandling si å vera med på å opparbeida business history som forskingfelt i Noreg. Mjelva tok utgangspunkt i tre norske skipsverft på sekstitalet for å undersøka forholdet mellom norske skipsverft og staten på 1960-talet.[193] Tematisk hadde arbeidet i tillegg til å vera økonomisk historie også klare berøringspunkt til arbeidslivshistorie historie. Arbeidet kom i gang ved LOS, men hadde også røter i hovudfagsarbeidet hans frå SEFOS (sjå over). Mjelvas utgangspunkt var biletet norske historikarar har teikna av perioden 1960-1974 som eit høgdepunkt for ein dugleiksbasert norsk industri. Hovudforklaringa har lege på industrien si evne til å konkurrera på ein internasjonal marknad etter nedbygginga av tollmurane først på sekstitalet. Mjelva viste med sine punktstudiar frå verftsindustrien korleis den motsett av det som har blitt hevda, naut godt av ei rekkje statlege støtteordningar. Mjelva viser korleis den økonomiske utviklinga i dei tre verfta vart forma av drivkrefter som greip i kvarandre, og hang nær saman, slik som marknad og teknologi, teknologisk utvikling og økonomisk utbytte, og forholdet til tilsynelatande nøytrale politiske rammevilkår.

Svein Ivar Angell tok i avhandlinga for seg moderniseringa og identitetsdanninga i Noreg og Sverige ved inngangen til det 20. hundreåret.[194] Han gjekk her inn på føresetnadene for moderniseringa i dei to landa og viser korleis skilnadene attspegla seg i dei moderniseringspolitiske ordskifta. Angell såg på den nasjonal-kulturelle, den politisk-demokratiske og den teknisk-økonomiske sida av moderniseringsprosessen. Kva sider

---

[192]Grove, Knut (2002a): *Mellom ´Non-intervention´og ´Samfundsvillie`. Statleg og kommunal regulering av økonomisk verksemd i Norge på 1800-talet.* Rokkansenterets notatserie, nr. 25. Rokkansenteret. Grove, Knut (2002b)*: Frå privat initiativ til kommunalt monopol. Lysverk, sporvegar og renovasjon i Bergen og Oslo 1850-1935.* Rokkansenterets notatserie, nr. 24. Rokkansenteret. Hjørdis Grove (2002): *Kommunaliseringsprosessen i Århus 1850-1940.* Rokkansenterets rapportserie, 31/2002 og Grove og Heiret (1999).

[193] Mjelva, Hans Kristian (2005): *Tre storverft i norsk industris finaste stund. Ein komparativ studie av Stord Verft, Rosenberg mek. Verksted og Fredrikstad mek. Verksted 1960-1980.* Rokkansenteret, rapport 6, 2005 (oppr. Levert som dr.art-avhandling, Historisk institutt, UiB, januar 2005).

[194] Svein Ivar Angell (2002): *Den svenske modellen og det norske systemet: tilhøvet mellom modernisering og identitetsdanning i Sverige og Noreg ved overgangen til det 20. hundreåret.* Samlaget. Opprinneleg dr.art-avhandling, Universitetet i Bergen, 2002.

ved moderniseringa som hadde mest å seia for identitetsdanninga i dei to landa, var eit sentralt spørsmål i avhandlinga, der han viser korleis prosessane i Noreg vart sterkt prega av kulturell og politisk modernisering, medan økonomisk modernisering var viktigare i den svenske identitetsdanninga. Moderniseringsprosessane reflekterte ulike former for rasjonalitet i Sverige og Noreg som kom til å prega dei to samfunna gjennom det 20. hundreåret.

For Arne Haugen var det forholdet mellom ulike nasjonale identitar i Sentral-Asia som var tema.[195] I ei internasjonalt publisert bok basert på avhandlinga hans, såg han på opprettinga av nasjonale sovjetrepublikkar i den sentralasiatiske delen av Sovjetunionen (Usbekistan, Turkmenistan, Tadsjikistan, Kirgisistan og Kasakhstan) i 1920-åra. Haugen tok her for seg forholdet mellom det russisk-dominerte sovjetregimet og republikkane som uttrykk for det etniske og nasjonale mangfaldet i Sovjetunionen. Dei i utgangspunktet internasjonalt orienterte og nasjonsfiendtlege sovjetkommunistene kom til å sjå nasjonal identitet som eit nyttig og konstruktivt middel i statsbygginga si. Haugen viste vidare korleis lokale elitar hadde langt sterkare innverknad på utviklinga i republikkane enn det som tidlegare har kome fram. Førestillinga om nasjonal fellesskap fungerte dermed som politisk mobiliseringsfaktor også utanfor ein europeisk samanheng. Den nye nasjonale ramma spegla sosiale, økonomiske og politiske realitetar i Sentral-Asia, og representerte såleis også ein stor grad av historisk kontinuitet i denne delen av Sovjetunionen.

I Eirinn Larsens avhandling var det kjønnsdimensjonen i den franske og norske høgare handelsutdanninga (*Business Education*) frå 1870 til 1980 som vart handsama.[196] Komparasjon over landegrensene var såleis også viktig i denne avhandlinga. Larsen såg opprettinga av handelsutdanninga som ein respons frå ein urban mannleg forretningsklasse som søkte å oppnå auka respekt for seg sjølve som menn i middelklassen i ei tid i ferd med å bli prega av industrialisering og byråkratisering av foretakssfæra. Sidan forretningsyrket mangla eit teoretisk utdanningsapparat, vart den sosiale praksisen rundt yrket med utgangspunkt i idealet til borgarskapen om skilde sfærer mellom menn og kvinner lagt til grunn. Skiljet vart institusjonalisert inn i ei utdanning som fekk eit utprega maskulint preg. I Frankrike skjedde dette i første rekke gjennom kompliserte sosiale utvalssystem med ein institusjonalisert elitisme som resultat, medan strategien i Noreg etter 1936 og opprettinga av Norges Handelshøyskole (NHH) var å tilpassa seg kunnskapsregima til dei som sat med makt. I etterkrigstida utvikla NHH ein maskulin kultur tilsvarande den i *École des Hautes Études Commerciales (HEC)*, den viktigaste tilsvarande institusjonen i Frankrike som var stengt for kvinner fram til 1973. I Noreg

[195] Arne Haugen (2003): *The Establishment of National Republics in Soviet Central Asia.* Palgrave Macmillan. Boka er opprinneleg dr.art-avhandlinga hans som vart levert ved Historisk institutt, UiB i 2002 med same namn. Arbeidet vart til i fagleg samarbeid med rettleiarane Alf Grannes, som var ekspert i slavisk språk og kultur og Odd-Bjørn Fure, som då var ved Historisk institutt og Senter for europeiske kulturstudier.
[196] Larsen disputerte med avhandlinga *Invisible Strategies. Gender in French and Norwegian Business Education, 1870 – 1980* ved European University Institute (EUI) i Firenze i Italia i januar 2005. Ein del av materialet for den norske konteksten er presentert i artikkelen "Kjønnskonservatismens reproduksjon", *Nytt Norsk Tidsskrift*, 3/2006.

kom tittelen *siviløkonom* (1953) for dei som var uteksaminerte som alternativ til *handelskandidat* til på grunn av redsla for å bli sett i samband med dei kvinnlege sekretærane og funksjonærane. Denne kjønns- og klassestrukturen vart ikkje utfordra før i første del av 1970-åra.

